




ÅRSMELDING 2016



Surnadal
kommune

Vedteke av kommunestyret 18. mai 2017

Innhold

1	Rådmannen sin kommentar	4
2	Overordna satsingsområde	6
2.1	Samfunnsdelen.....	6
2.2	Internkontroll	7
2.3	Klima- og energiplan	8
2.4	Likestilling	8
2.5	3-partssamarbeid.....	10
2.6	HMS – arbeid.....	11
2.7	IA-avtalen (Inkluderande Arbeidsliv)	11
2.8	Sjukefråvær i %	13
2.9	Tilsette pr. 31.12.2016	14
2.10	KOSTRA –tal	15
2.11	Folketal og sysselsetting.....	19
3	Rekneskap for Surnadal kommune 2016.....	19
3.1	Investeringsrekneskapen.....	19
3.2	Driftsrekneskapen	20
3.3	Auke i lønsutgifter	20
3.4	Skatt på formue og inntekt.....	21
3.5	Fond	21
3.6	Lånegjelda	21
3.7	Langsiktig gjeld	21
3.8	Andre utdrag frå rekneskapen.....	21
3.9	Finansielle omløpsmidlar	22
3.10	Langsiktig gjeld	24
3.11	Skatterekneskapen	25
3.12	Eigedomsskatt – bustad og fritidsbustad	25
4	Rådmann/sentraladministrasjonen.....	26
4.1	Rådmann	26
4.2	Økonomi	28
4.3	Personal og kompetanse	29
4.4	Informasjon og service	30
4.5	Politisk verksemd	32
5	Næring, kultur og utvikling	32
5.1	Næring og utvikling.....	32
5.2	Kultur.....	36
6	Oppvekst.....	39
6.1	Aktivitet.....	39
6.2	Handlingsprogram	40
6.3	Utfordringar	48
6.4	Økonomiske rammer	51
7	Pleie og omsorg	53
7.1	Helse og familie.....	53



7.2	Sjukeheimen	56
7.3	Bu- og aktivitetstenesta	60
7.4	Heimeteneste og rehabilitering	65
7.5	NAV	70
7.6	Barnevern	71
8	Teknisk	73
8.1	Kommunalteknikk	73
8.2	Areal- og naturforvaltning	75
8.3	Eigedom	77
9	Investeringar	79

1 Rådmannen sin kommentar

Kommunane har generelt sett hatt eit godt økonomisk år, der særleg skatteinngangen vart høgare enn dei fleste hadde sett for seg ved inngangen til året. Denne effekten har ikkje Surnadal kommune hatt i like stor grad, og netto driftsresultat er på det jamne med eit lite overskot.

Årsmeldinga viser at vi er på veg til å få tilpassa drifta til inntektsnivået totalt sett, men også at nokre einingar fortsatt slit med med å tilpasse ressursbruken. Årsrekneskapen for 2016 viser eit netto driftsresultat på kr 1 500 367, noko som svarar til 0,3% av driftsinntektene, som var på kr 517 049 486. Det opprinnelege budsjettet for 2016 var på - kr 2 989 000, medan resultatet i 2015 var på kr 2 045 055. Samanlikna med budsjettet er vi altså på rett side, men dette er likevel eit driftsresultat vi ikkje kan seie oss fornøgd med. Dei fleste einingane har likevel utvist god budsjett disiplin, medan nokre har avvik som kan forklarast med særskilte forhold. Arbeidet med å tilpasse driftsnivået til kommunen sine inntekter vil halde fram, og det sett store krav til alle tilsette. For å vere godt rusta for framtida bør driftsresultatet helst ligge på minst 1,75% av driftsinntektene, slik at vi kan bygge opp fondsmidlar til framtidig bruk. Dei samla investeringane kom på i alt 26 044 044 kroner i 2016. Dei største enkeltprosjekta var innkjøp av ny flott brannbil, og bygging av ein «4-mannsbolig» med fellesbase ved Sommerrotunet.

Ved langsiktig arbeid, m.a. gjennom prosjektet «Saman om ein betre kommune» har vi no greidd å auke gjennomsnittleg stillingsprosent til nærare 80% totalt for alle einingane i Surnadal kommune. Det er eit stort og godt arbeid som har vore nedlagt for å få til dette, og dei tiltaka vi har lykkast best med gjennom prosjektet vil vi og gå vidare med. Eg er også glad for at sjukefråveret har gått litt ned i 2016 samanlikna med året før

Ved utgangen av 2016 var det busett 81 flyktningar i Surnadal kommune. I løpet av året avslutta 18 personar si deltaking i kommunen si introduksjonsordning. På grunn av arbeid og skulegang flytta fem av desse ut av kommunen. Dei aller fleste av flyktningane som framleis bor i kommunen etter at dei avslutta introduksjonsprogrammet er anten i gang med vidaregåande utdanning eller dei har klart å skaffe seg arbeid. Frivillige lag- og organisasjonar har gjennom heile året gjort ein godt arbeid og er ein viktig samarbeidspartnar for kommunen i arbeidet med å integrere flyktningane i lokalsamfunnet.

Det blir arbeidd godt med nærings- og utviklingsarbeid i kommunen, og det gode året i 2015 vart følgt opp med eit minst like godt år i 2016 når det gjeld omsetning og aktivitet. Ekstra gledeleg er det at sysselsettinga har hatt ein fin vekst i 2016. Næringssamarbeidet mellom Surnadal og Sunndal kommunar er no inne i tredje driftsår, og dette er eit samarbeid vi har



vore godt fornøgd med. SIV-industri-inkubator er og inne i fleire viktige nettverksprosjekt. Eit av høgdepunkta i fjor har vore arbeidet med å bygge ro/ro-rampe i tilknytning til hamna. Etter lengre tids planlegging vil det no bli faste skipsanløp, og fleire næringslivsaktørar ser stor nytte i dei mulegheitene som ei ny hamn vil gi. Surnadal Næringsforening har i 2016 hatt sitt første heile driftsår, og dei har utmerka seg med å vere aktiv for å bevare studietilbodet ved Surnadal vidaregåande. Engasjementet frå næringslivet var viktig for at vi lukkast med å bevare tilboda.

Den boligpolitisk handlingsplanen som vart vedteke i 2016 har vi store forventningar til, og eg meiner planen har mål og tiltak som vil sikre god styring av den kommunale boligmassen og sikre nok tomter og boligar i åra framover for alle innbyggjarane. I tråd med kommunestyret si bestilling er vi også i gang med planlegging av bustadfelt fleire stader i kommunen. I 2016 kom vi gang med planlegging av bustadfelt på Nordvik, og prosessen med reguleringsplan er også i gang på Høgberget i nedre Surnadal.

Etter ein liten nedgang i folketalet i 2015 har vi hatt ein vekst på 17 personar i 2016. Det var 59 fødde og 79 døde, slik at vi fekk eit negativt fødselstal på 20 personar. Slik samansettinga av befolkinga er vil vi vere avhengige av positive tilflyttingstal for å oppleve folketalsvekst i åra framover.

Arbeidet med kommunereforma, som starta opp hausten 2014, var oppe til sluttbehandling i kommunestyret i juni 2016. Dette arbeidet saman med regionreforma sette sitt preg på fjoråret. Vi hadde fleire forhandlingsmøte med Halså og Rindal før endeleg intensjonsavtale vart vedteke og folkeavstemning gjennomført. I Surnadal kommune var det ønske om lage ein framtidig kommune som skulle bestå av Halså, Rindal og Surnadal. Naboane våre var ikkje einige i det, og da vart det endelege resultatet at Surnadal skal halde fram som eigen kommune. Dette vil medføre at vi må sjå på enkelte interkommunale samarbeidsavtalar, og det kan bli behov for å finne fram til nye samarbeidspartnarar på enkelte område. I norsk målestokk er Surnadal kommune ein middels stor og veldreven kommune som eg har god tru på vil stå seg godt aleine i fortsatt samarbeid med våre naboar.

Eg vil til slutt nytte høvet til å takke for det arbeidet som blir lagt ned av både tilsette, tillitsvalde og politikarar for å gjere kommunen vår til ein god kommune å bu i. Budsjetta er svært stramme, men eg meiner vi likevel greier å halde oppe eit godt aktivitetsnivå og yte gode tenester til våre innbyggjarar.

Surnadal, 31.03.2017

Knut Haugen
rådmann

2 Overordna satsingsområde

2.1 Samfunnsdelen

Samfunnsdelen av kommuneplanen for 2009 – 2021 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 26.10.2009. Denne har vore grunnlaget for arbeidet med økonomiplanen for 2015 - 2018. Kommunestyret vedtok ny samfunnsdel for perioden 2014 – 2026 i møte 20.06.14.

Målet for Surnadal kommune er å arbeide for ein organisasjons- og samfunnskultur prega av motivasjon, kraft og kultur.

I planen er det 7 gjennomgåande tema som skal liggje til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaa er: folkehelse, likestilling og diskriminering, universell utforming, areal og miljøvern, frivillig arbeid, samfunnstryggleik og beredskap, og utviklingssamfunnet.

Samfunnsdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

Desse temaa skal leggjast til grunn for alle tema- og sektorplanar, og også for satsingsområda i økonomiplanen i dei ulike sektorane og einingane.



Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune

Plan/ Periode	12 år	4 år	1 år
KOMMUNEPLANEN Visjon og langsiktige mål	Visjon Langsiktige mål		
ULIKE STRATEGI - OG TEMAPLANER	Mål Strategiar Mål Strategiar		
ØKONOMIPLAN med handlingsplan		Delmål	
ÅRSBUDSJETT		Delmål	Resultat
Utviklingsplanar / handlingsplanar i kvar eining		Delmål	Resultat

2.2 Internkontroll

Etter Kommunelova §48 nr. 5 skal kommunane i si årsmelding gjere greie for internkontrollarbeidet i verksemda.

Surnadal kommune har gjennom fleire år arbeidd med kvalitetsarbeid, og også hatt eit digitalt verktøy til delar av dette arbeidet. I 2013 vart det gjort vedtak om å delta i eit felles arbeid med å etablere eit digitalt kvalitetssystem gjennom samarbeidet i IKT Orkidé. Gjennom eit eige prosjekt i regi IKT Orkidé, med Annett Ranesh frå Surnadal kommune som prosjektleiar, vart det i 2014 innkjøpt og starta implementeringsarbeidet med å ta i bruk kvalitetssystemet Compilo (tidl. Kvalitetslosen). Saman med dei andre kommunane på Nordmøre har ein utarbeidd ei standardisert oppbygging, som gjer at ein har likt rammeverk for innhaldet, og også har høve til å dele prosedyrar og anna nyttig dokumentasjon. Gjennom faggruppene i IKT Orkidé arbeider ein også med sjølve innhaldet, og utarbeider like prosedyrar i alle kommunane på enkelte område.

Målet med arbeidet er å ha eit internkontrollsystem som gjer kommunestyret, kontrollutvalet og rådmannen i stand til å ivareta krava om overordna kontroll- og tilsynsansvar og sikre at verksemda er organisert slik at kommunen når dei måla som er sett, og at ein førebyggjer at feil skjer. Kommunen skal ha kvalitetsdokumentasjon som sikrar at alle tilgang til relevant informasjon som lovar og forskrifter, styrande dokument, prosedyrar og dokumentasjon,

Mål med prosjektet:

- Forenkle og kategorisere
- Å sikre gode nok tenester gjennom god dokumentasjon og aktiv avviksbehandling.
- Å gi auka trygghet for dei tilsette og brukarar ved at tenesteutøvinga er i samsvar med myndigheitskrav, vedtak og prosedyrar.
- Å sikre at avvik faktisk blir meldt, og blir behandla på rett måte.
- Å få på plass og sikre eit tilgjengeleg og gjenkjennbart system som skal vere enkelt å bruke og enkelt å finne fram i.

Vurdering:

Surnadal kommune er godt i gang med gjennomføringa av Compilo i heile organisasjonen. Det er gjennomført opplæring i alle delar av systemet, og ein arbeider no på dei ulike områda med å få aktuell dokumentasjon på plass, utarbeide årshjul og gjennomføre ROS-analysar på sentrale område. Avviksmeldingsdelen er også teke i bruk. Dette arbeidet vil fortsette i 2016. Internkontrollarbeid er ikkje noko blir ferdig med, det er ein kontinuerleg prosess.

2.3 Klima- og energiplan

Surnadal kommune si energi- og klimaplan frå 2009 har desse måla:

1. Klimagassutsleppa i 2020 skal vere 10 % lågare enn klimagassutsleppa i 1991.
2. Veksten i energiforbruk skal reduserast og Enøk – potensialet på 10% skal realiserast innan 2020.
3. Energibruk i kommunale bygg, føretak og selskap skal reduserast med minimum 10%

innan 2020 (referanse 2006).

4. Det skal stimulerast til at 3% av total elektrisk energibruk (referanse 2006) skal leggjast om til ny fornybar energi.

Her er det som er gjort i tråd med Energi- og klimaplana i 2016:

- Det praktiske arbeidet med Energisparekontraktane (EPC-kontraktane) kom i gang. Dette vil gi Surnadal kommune ein straumspareeffekt på om lag 1,2 GWh/0,77 mill kr. pr. år. Gjeld ei rekkje kommunale bygg på Skei, Bårdshaugen og på Øye.
- 290m gang- og sykkelsti mellom Øye og Buhagen vart ferdigstilt.
- 25 gatelyspunkt i Modalane vart skifta ut til straumsparende LED armatur
- 4 ladepunkt for elbil (m. betalingsordning) for tilsette vart etablert ved kommunehuset
- Opplæring i økokøyring kom i gang for tilsette i heimetenesta

2.4 Likestilling

Ein kommune har ulike roller i samfunnet og skal i sine roller utøve likestillingsarbeid: som arbeidsgjevar, som tenesteutøvar og som samfunnsutviklar.

Som **arbeidsgjevar** er det spesielt viktig å ivareta likestillingsperspektivet ved å hindre diskriminering grunna t.d. kjønn, nedsett funksjonsevne, hudfarge, religion, etnisitet, språk, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og alder. Det gjeld både under tilsetjingsprosess, undervegs i og ved avslutning av arbeidstakarforholdet. Samstundes med at ein skal arbeide for å hindre diskriminering, skal ein også arbeide for å utjamne misforhold i kjønnsbalansen og hindre anna diskriminering innanfor dei ulike yrkesgruppene og på dei enkelte arbeidsplassane. Dette må skje innanfor gjeldande lov- og avtaleverk. Det er AAU som er kommunen sitt likestillingsutval.

Som **tenesteutøvar** skal ein arbeide for at tenestene, både i omfang og innhald, skal vere mest mogleg likestilte og likeverdige for brukarane. Likestillingsperspektiva skal inn i barnehage og skole, arbeidet retta inn mot framandspråklege, og i korleis ein bygger opp og utfører tenestene elles. Frå barnehage til omsorg ved livets slutt: alle tenestemottakarar har krav etter lovverket på eit tenestetilbod som i størst mogleg grad tek omsyn til den livsfase og livssituasjon ein er i. Likeverdig tilbod med andre betyr ikkje at tilbodet skal vere likt, men at tilbodet skal innebere at tenestemottakaren skal få så gode moglegheiter til livsutfolding som mogleg innanfor dei rammene ein har.

Som **samfunnsutviklar og viktig samfunnsaktør** har kommunen ei særleg rolle. Som eksempelvis behandlar av saker knytt til byggeløyve er det viktig å sjå til at likestillingslovene og spesielt særreglane knytt til universell utforming vert følgt opp av byggherrane. Ved utdeling og sakshandsaming knytt til søknad om kommunale midlar eksempelvis kulturmidlar og næringsstøtte, er også likestillingsperspektivet viktig å ta med seg både for administrasjon og politisk leiing.

Dei ulike lovene set krav om at Surnadal kommune uavhengig av kva rolle ein utøver skal gjere aktive grep for å oppfylle sine lovpålagde krav for å **fremme likestilling og hindre diskriminering**.

Stillingsstørrelse fordelt på kjønn

Statistikken viser oversikt over den stillingsprosent dei tilsette mottar **månadslønn** etter pr desember 2016. Tilsette som har slutta i løpet av 2016 er ikkje teke med.

Tal pr 31.desember 2016 viser ein slik fordeling på stillingsomfang på tilsette (ekstrahjelper/korttidsvikarar er ikkje teke med):

	Kvinner	Menn
Tal tilsette	577 (584)	118 (114)
Gjennomsnittleg stillingsomfang	77,26%	82,80%

Det er den stillingsprosenten som vedkommande står i /mottak lønn i pr. 31.12 som dannar grunnlaget for statistikken både for 2016 og 2015. Tal for 2015 i parantes.

Pr. 31.12.2016 er det mange kvinner som er tilsett i 100 % stilling som f.eks. har delvis uttak av foreldrepermisjon i 80 % stilling eller redusert stilling på grunn av omsorg for barn under 10 år. Desse er teke med i det stillingsomfanget dei står med pr desember 2016. Det er difor reelt sett ein god del fleire kvinner *som* har 100% stilling enn det som tabellen kan gje inntrykk av, noko som i tabellen medfører eit *bilde av* eit lågare gjennomsnittleg stillingsomfang for kvinner enn det som er tilfelle.

Enno har kommunen eit stykke fram til at vi har ein god kjønnsbalanse i arbeidsstokken.

Gjennom prosjektet Saman om ein betre kommune har ein sett ei auke i gjennomsnittleg fast stillingsomfang spesielt innanfor pleie og omsorg. Kommunen har lyst ledige mange fleire stillingar enn før der stillingsomfanget har vore 80-100% stilling dei siste åra. Prosjektet ble slutført i 2015, og sluttevaluert i AAU og i Kommunestyret i desember 2016. Over tid ser ein for seg at dette vil medføre positive konsekvensar for gjennomsnittleg stillingsomfang også fram over.

Mål og tiltak

Det er naturleg å skilje mellom likestillingsarbeid retta utover og innover i organisasjonen.

Kommunen er ein stor samfunnsaktør og kommunale vedtak og avgjerder får stor betydning for kommunen sine innbyggjarar. Det er difor teke inn eige punkt i kommunen sin samfunnsdel av kommuneplanen for 2009-2021 om at likestilling og diskriminering er 1 av 7



gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Det same gjeld for universell utforming.

Aktiv deltaking frå ulike utval, råd og fora (eksempelvis Rådet for funksjonshemma) ved ulike former for planarbeid er viktig for å sikre at kommunen tek med i sitt planarbeid også dette fokuset på ein best mogleg måte.

Kommunen er arbeidsgjevar for svært mange tilsette. Også i 2016 har Surnadal kommune lagt ned eit stort arbeid for å vidareføre med å trygge tilsettingsforhold og gje tilbod om fast tilsetting eller utviding av stilling etter arbeidsmiljølova sin § 14-9, som omhandlar 3 og 4-årsregelen. Bestemmelsen i arbeidsmiljølova § 14-4 a om rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid på visse vilkår for deltidstilsette, medfører ein auke i stillingsprosenten til at for dei dette gjeld.

Det er også gjennomført årlege rundar der tilsette kan melde sine ønskje om endring i stillingsomfang, noko som er sett i verk for også å fange opp omfanget av uønska deltid. Dette er gjennomført for alle einingane innanfor Oppvekst og Pleie og omsorg. Fordi uønska deltid meir er eit kvinnefenomen enn eit mannsfenomen, er arbeidet mot uønska deltid eit godt likestillingstiltak.

2.5 3-partssamarbeid

Surnadal kommune var i perioden 2008- 2009 med i Kvalitetskommuneprogrammet, i regi av Kommunaldepartementet, KS og fleire fagorganisasjonar. Gjennom dette vart det inngått ein 3-partsavtale mellom politisk leiing, administrativ leiing og dei hovudtillitsvalde frå arbeidstakarorganisasjonane. Denne avtalen vart fornya sist gong i april 2016, og skal gjelde ut 2019. Avtalen har 4 mål:

Mål 1: Ein betre kommune for innbyggjarane og tilsette, der ein gjennom trepartssamarbeidet kjenner til og arbeider mot felles mål.

Mål 2: Vere tre likeverdige partar som arbeider for å utvikle kommunen.

Mål 3: Samarbeide om eit godt omdømme.

Mål 4: Formalisere arbeidet med 3-partssamarbeid.

Til kvart av måla ble det arbeidd fram ulike tiltak.

2.6 HMS – arbeid

For 2016 skulle ein ha følgjande fokusområde innanfor HMS:

1. AMU (AAU) skulle i 2016 ha fokus på å evaluere det interne informasjonsarbeidet i kommunen, og eventuelt komme med forslag til endringar.

2. Verneområda skulle i 2016 ha fokus på å analysere sitt eige interne informasjonsarbeid med sikte på å finne moglege forbettringsområde. Områdeleiar og verneombod har ansvar for å starte opp dette arbeidet.

Informasjon om satsingsområda ble sendt ut til alle verneområda og orientert om på kommunen sine intranettsider, teke opp på einingsleiarmøte og på møte mellom hovudtillitsvalde/ hovudverneombod og administrativ leiing.

Verneområda skal rapportere i «Årsrapport HMS» for sitt arbeide i 2016 på dette satsingsområdet, noko som skal bli behandla i AAU i løpet av våren 2017.

2.7 IA-avtalen (Inkluderande Arbeidsliv)

Mål for IA

1. Reduksjon i sykefraværet med 20 % i forhold til andre kvartal 2001. Dette innebærer at sykefraværet på nasjonalt nivå ikke skal overstige 5,6 %.
2. Hindre frafall og øke sysselsettingen av personer med nedsatt funksjonsevne.
3. Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlenges med tolv måneder. Med dette menes en økning sammenlignet med 2009 i gjennomsnittlig periode med yrkesaktivitet (for personer over 50 år).

Kjerneverdier i IA

- Dialog
- Samarbeid
- Løysingar
- Kvar enkelt sine ressursar
- Meistring

Mål og gjennomførte tiltak for IA-arbeidet i Surnadal kommune 2016

Delmål 1: Arbeide for å førebygge og redusere sjukefråvær og auke nærværet til arbeid

- Opplæring av leiarar i sjukefråværsoppfølging, opplæring tilsette, tillitsvalde og verneombod i tema som gjeld medvirkningsplikta gjennomført.
- Gjennomført 4 samarbeidsmøte med Nav lokalt, 2 med legane.
- Alle einingane skulle utarbeide oversikt over tilrettelagte arbeidsoppgåver til bruk i eininga, førebyggjande og ved gradert sjukemelding. Gjennomført for ein del einingar, under arbeid på andre einingar.

- Opplæring i tilrettelegging og virkemiddel for gravide arbeidstakarar, v/IA og Nav lokalt ble gjennomført.
- Oppdaterte fráværstatistikkar til behandling i aktuelle fora, lagt fram for AAU, einingsleiarmøte og møte mellom hovudtillitsvalde/hovudverneombod og adm. leiing.
- Mål: Sjukefráværet skulle samla ikkje overstige 7.0% i 2016. Sjukefráværet kom på 7,47%, ein nedgang på 0,83%.

Delmål 2: Inkluderande rekruttering

- Avtale med Nav om 5 IA-plassar inngått.
- Inntil 10 arbeidspraksisplassar. Opprette språktreningsplassar, 5 stk. Gjennomført.
- Tilsette i Surnadal kommune skulle få hjelp til å avklare funksjonsevne gjennom samarbeid med arbeidsgjevar, Nav og bedriftshelsetenesta der det er nødvendig. Gjennomført.
- Tilbod til einingane om aktuelle kurs på området (Sees i morgen, Virkemiddel i IA). Gjennomført.

Delmål 3: Avgangsalder

- Livsfasepolitikken er nedfelt i personalplanen og leiarane skal kunne orientere medarbeidarar om ulike seniortiltak.
- Tilsette får tilbod om seniorsamtale frå fylte 55 år. Einingane rapporterte på kor mange som tek i mot tilbodet.
- Ha oversikt i einingane over alderssamansetting i arbeidsstokken og uttak av seniorverkemiddel jfr.personalplanen. Dette skjedde i samarbeid med Personal og kompetanse på ulike område.
- Informasjon til tilsette einingsvis om pensjonsordningane v/Personal og kompetanse, der avdelinga deltok på ulike informasjonsmøte ute i einingane og på medlemsmøte i fagorganisasjonar kring dette.

IA –arbeidet blir sett på dagsorden 1 gong i året i møte for gjennomgang og evaluering. Leiinga, tillitsvalde og verneombod er representert på desse møta.

2.8 Sjukefrávær i %

Eining	Eigenmeldt sjukefrávær (1-8 dagar)	Kun <u>legemeldt</u> sjukefrávær i arb.g.periode (1-16 dagar)	Trygdebetalt (17 dagar–1 år)	Gjennomsnitt 2016	Gjennomsnitt 2015
Sentraladm.	0,4	0,5	1,8	2,7	2,5

Kultur	0,7	1,8	2,2	4,7	2,9
Midtigrenda barnehage	0,6	1,5	4,8	6,9	13,8
Øye og Skei barnehage	0,9	2,1	5,2	8,2	11,6
Bøfjorden og Bæverfjord oppv.	1,3	1,4	3,5	6,2	5,9
Mo oppvekstsenter	0,9	1,8	4,2	6,9	4,0
Todalen og Stangvik oppv.	1,2	1,6	2,2	5,0	6,0
Øye skule	1,1	1,2	5,1	7,4	4,9
Surnadal ungdomsskule	0,9	1,2	1,7	3,9	4,2
Vaksenopplæring og integrering	0,7	1,0	0,4	2,1	4,5
Helse og familie	0,9	0,7	0,2	1,7	5,1
Surnadal sjukeheim	1,2	2,6	7,8	11,6	14,1
Bu- og aktivitet	1,3	2,4	5,5	9,1	8,0
Heimetenesta og rehabilitering	1,3	2,8	6,5	10,6	10,7
NAV	0,4	0,6	0,6	1,5	16,0
Kommunalteknikk	0,5	1,3	2,4	4,2	1,4
Areal- og naturforvaltning	0,6	0,1	0,0	0,7	1,6
Eigedom	1,8	2,3	3,2	7,3	10,3
IK Barnevern	1,0	1,7	12,0	14,7	8,3

I 2016 har det samla sjukefråværet vore på 7,47%, noko som er ein positiv nedgang frå året før da sjukefråværet var på 8,3%.

2.9 Tilsette pr. 31.12.2016

	Tal tilsette		Kvinner		Menn		Årsverk	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
Sentraladm.	31	32	21	21	10	11	29,95	30,00

Kultur	10	9	6	5	4	4	7,92	8,05
Midtigrenda barnehage	19	19	19	19	0	0	15,02	15,07
Øye og Skei barnehage	30	30	28	28	2	2	23,13	23,03
Bøfjorden og Bæverfjord oppveksts.	16	18	14	16	2	2	12,50	14,10
Mo oppvekstsenter	15	16	13	13	2	3	12,45	11,90
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	37	35	35	33	2	2	30,03	28,87
Øye skule	53	54	45	46	8	8	44,65	46,00
Surnadal ungdomsskule	39	36	29	27	10	9	34,25	33,06
Vaksenopplæring og integrering	11	13	8	10	3	3	10,90	12,70
Helse og familie	20	19	17	18	3	1	17,26	17,06
Institusjonane	135	133	132	127	3	6	97,17	90,30
Bu og aktivitet	129	136	102	106	27	30	86,98	90,81
Heimetenesta og rehabilitering	71	66	68	62	3	4	52,49	50,44
NAV	8	7	7	6	1	1	8,50	6,40
Kommunalteknikk	13	14	0	0	13	14	13,00	13,86
Areal- og naturforvaltning	9	9	4	5	5	4	8,80	8,80
Eigedom	41	37	26	24	15	13	33,29	33,04
IK Barnevern	11	12	10	11	1	1	8,80	10,00
Totalt	698	695	584	577	114	118	547,09	544,69

2.10 KOSTRA –tal

Administrasjon

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Brutto driftsutgifter i kr pr. innbygger, adm styring i % av tot. brt.driftsutg.	6,4	6,3	6,6	6,1	6,3
Lønn og adm. styring i % av totale lønnsutgifter	6,1	5,9	6,3	6,0	6,5

Kommentar

Det har vore ein nedgang av lønn til administrasjon, og vi ligg lågare enn dei gruppene vi samanliknar oss med. Når det gjeld brutto driftsutgifter til adm. styring ligg vi på landssnittet.

Kultur

Netto driftsutgifter per innbygger i kroner:	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Kultursektoren	3 015	2 870	1 774	2 019	2 114
Folkebiblioteket	366	373	257	294	301
Kino	101	16	9	24	7
Aktivitetstilbod barn og unge	208	117	65	88	159
Idrett	94	98	138	166	197

Kommentar

Tala viser at Surnadal kommune har hatt, med unntak av biblioteket, ein nedgang i netto driftsutgifter, men vi ligg over landssnittet.

Oppvekst

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Andel barn 1- 5 år m. barnehageplass	95,8%	94,0%	92,6	91,5%	91,0%
Kommunale overføringer av driftsmidlar til priv. barnehagar per korr.opphaldstime (kr)	48	67	42	42	44
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	39,0%	38,6%	33,1%	37,1%	36,4%

Kommentar

Dei siste åra har det vore arbeid med å heve delen tilsette med førskuleutdanning. Figuren viser at vi no har nådd gode resultat.

Grunnskulen

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter 6- 15 år	119 610	125 852	107 482	112 972	105 172
Brutto korrigerte driftsutgifter per elev	118 225	129 217	114 809	123 388	117 446
Elevar per kommunal skule	114	110	174	176	221
Del innbyggjarar 6 – 9 år i SFO i %	41,2	41,4	56,1	46,9	57,8
Del elevar i grunnskulen som får skuleskyss %	72,2	65,4	27,4	36,3	23,1

Kommentar

Surnadal kommune brukar litt meir enn samanliknbare kommunar pr. elev. Dette skuldast truleg ein desentralisert skulestruktur, med mange skulebygg. Vi ligg høgt samanlikna med andre kommunar når det gjeld elevar som får skuleskyss.

Helse

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	2 518	2 453	2 414	2 822	2 538
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	4,2	3,9	4,3	4,8	4,6
Netto driftsutg. til førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste pr. innb. 0-20 år	2 961	2 652	2 228	2 387	2 314
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelseteneste	11,4	9,5	11,4	11,8	10,7
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	8,7	8,4	8,7	9,7	9,1

Kommentar

Det har vore ein nedgang i utgifter pr. innbyggjar og utgifter til førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste.

Pleie

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/ Oslo
Netto driftsutgifter, pleie-og omsorg i prosent av kommunen sitt totale netto driftsutgifter	38,0	36,8	34,0	33,6	31,1
Andel bebuarar 80 år og over som bur på institusjon	62,0	61,5	73,7	71,4	69,2
Andel plassar avsett til på tidsavgrensa opphald	9,0	5,8	13,8	17,6	18,8
Andel plassar i skjerma eining for aldersdemente	16,9	23,2	23,0	28,7	27,8
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	0,30	0,28	0,45	0,51	0,55
Tjenester til hjemmeboende – andel av netto driftsutgifter til plo	47	47	52	54	50
Aktivisering/ støttetjenester – andel av netto driftsutgifter til plo	1	1	5	5	5

Kommentar

Netto driftsutgifter til pleie- og omsorg har hatt ein nedgang. Delen som går til omsorgstenester for heimebuande er som i 2015, men vi ligg enno noko under det samanliknbare kommunar og landet utanfor Oslo brukar til slik omsorg av det totale beløpet til pleie- og omsorgstenester.

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/ Oslo
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innbyggjar 20 – 66 år i Kr.	1 888	2 817	2 678	3 401	3 536
Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 – 66 år i kr	392	520	941	1 596	1 715
Andel sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20 – 66 år i %	2,0	2,5			4,3

Kommentar

Tala syner at Surnadal kommune brukar lite ressursar til økonomisk sosialhjelp. Arbeidsledigheta i kommunen er låg, og førebyggjande tiltak kan ha hatt ein positiv effekt når det gjeld utviklinga i økonomisk sosialhjelp.

Kommunalteknikk

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Årsgebyr for avløpstenesten (rapporteringsår + 1)	3 292	3 354	3 168	3 607	3 782
Årsgebyr for septikktømming (rapporteringsår +1))	1 200	1 200	1 263	1 385	1 500
Årsgebyr for avfallstenesten (rapporteringsår + 1)	2 650	2 675	2 521	2 709	2 656
Netto driftsutgifter til funksjon 339 (brann- og ulykkesvern) pr. innbygger	614	706	907	828	744

Kommentar

Surnadal kommune ligg no omtrent på landsgjennomsnittet i gebyr for alle VAR – tenestene.

Eigedomsforvaltning

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet utanom Oslo
Netto driftsutg. til kommunal eiendomsforv. pr innbygger	5 513	5 559	4 470	4 492	4 904
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter pr innbygger	6,3	6,5	3,8	5,4	4,4
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforv. pr. kvm.	40	21	83	72	96

Kommentar

Som vi kan lese av tabellen har vi store driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning pr. innbyggjar. Dette heng saman med at vi har store kommunale areal pr. innbyggjar. Vi bruker lite til vedlikehald.

IK Barnevern

	Surnadal 2015	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet utanom Oslo
Netto driftsutgifter pr. barn i barnevernet	160 211	145 459	148 941		180 423
Delen av barn med barneverntiltak ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	4,7	5,1	5,3		4,9

Kommentar

Surnadal kommune har hatt ein nedgang i netto driftsutgifter i 2016.

2.11 Folketal og sysselsetting

Tabell 1: Folketalsutviklinga i kommunen

Pr. 01.01 År	Folke- mengd	Fødde	Døde	Fødsels- overskot	Innflyttingar	Utflytt- ingar	Netto innflyt.	Folke- tilvekst
2005	6 160	50	65	-15	104	142	-38	-53
2010	5 956	54	55	-1	156	163	-7	-7
2011	5 949	48	64	-16	210	191	19	3
2012	5 952	52	73	-21	194	199	-5	-25
2013	5 927	50	62	-12	211	174	37	27
2014	5 954	49	55	-6	185	157	28	22
2015	5 976	52	59	-7	171	171	0	-7
2016	5 969	59	79	-20	219	182	37	17
2017	5 986							

Kjelde: Regionalstatistikken, SSB

Sysselsetting

Ved utgangen av november 2016 var det registrert 44 heilt arbeidsledige i Surnadal kommune. Dette utgjør 1,4 % av arbeidsstyrken. Av dette var det 10 kvinner og 34 menn. Tala viser at det vore ein auke i talet på arbeidsledige siste året. I Rindal er 1,0 % av arbeidstyrken heilt arbeidsledig, mens tala for Halså var 1,9 %. Desse tala viser at det er stor aktivitet i næringslivet. Mykje tyder på at det vil bli stor etterspørsel etter arbeidskraft i åra framover.

3 Rekneskap for Surnadal kommune 2016

3.1 Investeringsrekneskapen

Samla investering i anleggsmidlar i 2016 var kr 26 044 044. Av dette vart kr 13 541 925 lånefinansiert.

3.2 Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen viser slikt resultat for einingane:

	Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Meirforbruk i kr	Forbruk i %
100	RÅDMANN	28 604 838	26 802 000	1 802 838	106,73 %
130	KULTUR	6 531 436	6 143 000	388 436	106,32 %
150	POLITISK VERKSEMD	3 939 535	3 427 000	512 535	114,96 %
223	MIDTIGRENDA BARNEHAGE	7 359 331	7 291 000	68 331	100,94 %
227	ØYE OG SKEI BARNEHAGE	11 386 444	11 166 000	220 444	101,97 %
231	BØFJORD OG BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER	7 086 537	6 892 000	194 537	102,82 %
233	MO OPPVEKSTSENTER	7 169 026	7 053 000	116 026	101,65 %
234	TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTSENTER	16 799 308	16 738 000	61 308	100,37 %
236	ØYE SKULE	27 783 861	28 083 000	-299 139	98,93 %
237	SURNADAL UNGDOMSSKULE	23 356 131	23 290 000	66 131	100,28 %
238	VAKSENOPLÆRING OG INTEGRERING	15 886 445	15 755 000	131 445	100,83 %
310	HELSE OG FAMILIE	19 377 671	19 963 000	-585 329	97,07 %
330	INSTITUSJONANE	49 510 436	51 919 000	-2 408 564	95,36 %
340	BU OG AKTIVITETSTENESTE	45 977 463	42 573 000	3 404 463	108,00 %
350	HEIMETENESTE OG REHABILITERING	32 594 156	32 832 000	-237 844	99,28 %
360	NAV	5 503 401	5 546 000	-42 599	99,23 %
420	KOMMUNALTEKNIKK	10 277 277	11 328 000	-1 050 723	90,72 %
430	KOMMUNALTEKNIKK - VAR	-2 010 161	-2 496 000	485 839	80,54 %
440	AREAL OG NATURFORVALTNING	6 428 608	6 036 000	392 608	106,50 %
460	EIGEDOM	20 700 923	19 494 000	1 206 923	106,19 %
503	TILSKOT	9 482 363	9 219 000	263 363	102,86 %
510	DAGLEG LEIAR PPT	2 997 447	2 624 000	373 447	114,23 %
520	REKTOR KULTURSKULEN	3 109 288	2 953 000	156 288	105,29 %
530	KYRKJELEG FELLESRÅD	5 782 000	5 782 000	-	100,00 %
540	IK BARNEVERN	8 958 770	9 261 000	-302 230	96,74 %
Samla for dette utvalet		374 592 534	369 674 000	4 918 534	101,33 %

Avvik frå budsjett er kommenterte i tekstdelen under dei einskilde einingane.

I 2016 vart driftsrekneskapen for Surnadal kommune avslutta med eit netto driftsresultat på kr 1 500 367. Dette svarer til 0,29% av driftsinntektene på kr 517 049 496. For 2015 var netto driftsresultat på kr 2 045 055.

3.3 Auke i lønsutgifter

6.3 Lønsutgifter i høve til driftsrekneskapen for 2016

	2016	2015	auke i kr	auke i %
Lønn inkl. sosiale utgifter	372 533 257	365 569 460	6 963 797	1,90

3.4 Skatt på formue og inntekt

I 2016 var kommunedelen av skatteinntekten kr 132 820 637, mot kr 122 572 641, i 2015. Dette er ein auke på kr 10 247 996, eller 8,36 %.

3.5 Fond

Bundne driftsfond	kr	14 360 572
Ubundne investeringsfond	kr	0
Bundne investeringsfond	kr	4 704 868
Disposisjonsfond	kr	37 236 273
Til saman rekneskap 2016	kr	56 301 713
Til saman rekneskap 2015	kr	42 880 037

Auke frå 2015 til 2016	kr	13 421 676
------------------------	----	------------

3.6 Lånegjelda

Lånegjelda er siste året minka frå kr 421 466 208 til kr 408 012 658. Dette svarar til ein minke frå kr 70 609 per innbyggjar til kr 68 161 per innbyggjar. I tillegg har vi langsiktig gjeld i form av pensjonsplikt på kr 757 421 533.

3.7 Langsiktig gjeld



Langsiktig gjeld (inkl. pensjonsplikt og lån til vidare utlån) har utvikla seg slik:



	Gjeld	Folketal	Kr pr innbyggjar
2012	Kr 974 474 602	5 927	kr 164 413
2013	kr 1 030 526 192	5 954	kr 173 081
2014	kr 1 093 898 443	5 976	kr 183 049
2015	kr 1 144 612 996	5 969	kr 191 760
2016	kr 1 165 434 191	5 986	kr 194 693

3.8 Andre utdrag frå rekneskapen

Lønnsutgiftene sin del av dei totale driftsutgiftene:

	Totale utgifter	Lønnskostnad	Prosent
2012	kr 438 438 282	kr 305 876 151	69,76 %
2013	kr 487 865 341	kr 330 790 806	67,80 %
2014	kr 492 311 409	kr 347 694 386	70,62 %
2015	kr 500 337 706	kr 365 569 460	73,06 %
2016	kr 516 424 365	kr 372 533 257	72,14 %





3.9 Finansielle omløpsmidlar

Aktivaklasser:

Utanlandske aksjefond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.16	Virkeleg verdi pr. 31.12.16	Bokført verdi pr. 31.12.16
Aksjefond 1	1 911 518	4 871 648	4 871 648
Aksjefond 2	107 941	445 320	445 320
SUM	2 019 459	5 316 968	5 316 968

Norske aksjefond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.16	Virkeleg verdi pr. 31.12.16	Bokført verdi pr. 31.12.16
Aksjefond 3	2 846 292	5 937 788	5 937 788
Aksjefond 4	1 050 000	2 132 977	2 132 977
SUM	3 896 292	8 070 765	8 070 765

Utanlandske obligasjonsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.16	Virkeleg verdi pr. 31.12.16	Bokført verdi pr. 31.12.16
Obligasjonsf. 1	1 700 000	2 709 119	2 709 119
SUM	1 700 000	2 709 119	2 709 119

Norske obligasjonsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.16	Virkeleg verdi pr. 31.12.16	Bokført verdi pr. 31.12.16
Obligasjonsf. 2	3 100 000	4 043 602	4 043 602
SUM	3 100 000	4 043 602	4 043 602


Norske pengemarknadsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.16	Virkeleg verdi pr. 31.12.16	Bokført verdi pr. 31.12.16
Pengem.fond 1	4 000 000	5 547 691	5 547 691
SUM	4 000 000	5 547 691	5 547 691

Norske bankinnskott:

Omløpsmiddel	Virkeleg verdi pr. 31.12.16	Bokført verdi pr. 31.12.16
Bank 1	21.467.852	21.467.852
Bank 2	8.027	8.027
Bank 3	3.924.317	3.924.317
Bank 4	89.853	89.853
Bank 5	3.987.404	3.987.404
SUM	29.477.453	29.477.453

Porteføljen er innanfor dei rammene som kommunestyret behandla i sak 112/07.
Her vart allokeringa i ulike aktivaklasser sett til:

Forutsetninger		Forventet avkastning	Standard- avvik	Korrelasjonsmatrise						
				NA	UA	NO	U SLO	E	H	B
Norske aksjer	▲▼	9,0 %	22,0 %	1,00	0,76	0,10	-0,36	0,43	0,46	-0,08
Utenlandske aksjer	▲▼	8,0 %	14,0 %	0,76	1,00	0,08	-0,26	0,57	0,43	-0,06
Norske obligasjoner	▲▼	5,0 %	2,5 %	0,10	0,08	1,00	0,48	0,18	0,13	0,41
Utenl. statsobligasjoner	▲▼	4,5 %	2,0 %	-0,36	-0,26	0,48	1,00	-0,06	-0,10	0,50
Eiendom	▲▼	7,5 %	12,0 %	0,43	0,57	0,18	-0,06	1,00	0,26	-0,03
Hedgefond	▲▼	6,5 %	6,0 %	0,46	0,43	0,13	-0,10	0,26	1,00	0,06
Bank/pengemarked	▲▼	4,0 %	0,6 %	-0,08	-0,06	0,41	0,50	-0,03	0,06	1,00
ALLOKERING		Andel	Tidshorisont	10	▼					
Norske aksjer		18 %	Forventet avk.	5,8 %	p.a.	Totalavk.	76,4 %			
Utenlandske aksjer		12 %	Standardavvik	5,3 %		Totalst.avk.	16,8 %			
Norske obligasjoner		18 %	Sannsynlighet for bedre avk. enn kritisk grense					99,8 %		
Utenl. statsobligasjoner		22 %								
Eiendom		0 %								
Hedgefond		0 %								
Bank/pengemarked		30 %								
		100 %								
Kritisk grense for avkastning	▲▼	2,5 %								
Bredde X-Akse	▲▼	90,0 %								



Ein har med bakgrunn i dette valt å gå mot ei slik samansetning av porteføljen for langsiktige aktiva:

Aksjefond norske aksjar	kr 5 400 000
Aksjefond utenlandske aksjar	kr 3 600 000
Norske obligasjonar/ obligasjonsfond	kr 5 400 000
Utenlandske obligasjonsfond	kr 6 600 000
Bank/ pengemarknadsfond	kr 9 000 000
Til saman	kr 30 000 000

Finansreglementet vårt har disse rammene for denne forvaltninga:

Samla maksimum plassering i pengemarknads- og obligasjonsfond er 50% av aktuell kapital. Maksimum plassering i aksjefond er 40% av kapitalen. Midlar plasserte i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Aksjefond skal spreia på norske, nordiske og/eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.

Med denne porteføljen er vi godt innafor desse rammene. Porteføljen er ikkje å sjå på som statisk, men som eit uttrykk for det som bør vere normalsituasjonen. Det vil alltid vere avvik frå desse verdiane, både på grunn av verdiendring på fonda og på grunn av inn -/ utfasing i ei aktivaklasse.

Ein har sett det som fornuftig å gå inn i marknaden gjennom fleire mindre kjøp over tid. Dette for å spreie risikoen i kjøpsfasen i ein litt uroleg marknad. For tida ynskjer vi også å vere undervekta i obligasjonsmarknaden.

For aksjefond ligg vi no over normalverdiane for både norske og utanlandske fond. Dette har samanheng med avkastning i perioden som enno ikkje er teke ut.

Når det gjeld bankinnskot er det i økonomireglementet fastsett ei maksimal ramme for innskot i ein og same bank på kr 50 000 000.

3.10 Langsiktig gjeld

Gjeldsporteføljen er fordelt på 27 lån hos 3 ulike långjevarar.

Total lånegjeld er kr 408 012 658. Av dette er kr 37 770 886 knytt til formidlingslån, og kr 370 241 772 til egne investeringar i anleggsmidlar.

Lånegjelda er fordelt slik mellom långjevarane:

Husbanken	37 770 886
Kommunalbanken	342 040 522
KLP Kommunekreditt	28 201 250

Lånegjelda har slik fordeling på vilkår:

Flytande rente	120 832 346
3 mnd. NIBOR +/- margin	258 979 062
Fastrente	28 201 250

Lånegjelda har slik gjenstående avdragstid:

Nedbetalt < 5 år	kr 10 874 891
Nedbetalt mellom 5 og 10 år	kr 10 820 397
Nedbetalt mellom 11 og 15 år	kr 26 427 622
Nedbetalt mellom 16 og 20 år	kr 127 218 282
Nedbetalt mellom 21 og 25 år	kr 141 757 186
Nedbetalt mellom 26 og 30 år	kr 62 713 030

Nedbetalt > 30 år

kr 28 201 250

3.11 Skatterekneskapen

Økonomisjefen er skatteoppkrevjar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Det vert ført eige rekneskap for skatteinntektene og folketrygda. Fordeling av inntektene skjer kvar månad.

År	Innbet. skattar og arb.gj.avgift (mill.kr.)	Auke i %	Kommunedel (mill. kr)	Auke/minke i %
2012	483,1	5,08	110,1	7,82
2013	543,4	12,5	115,1	4,53
2014	577,7	6,3	120,2	4,40
2015	584,9	1,2	122,5	1,88
2016	653,6	11,7	132,8	8,40


3.12 Eigedomsskatt – bustad og fritidsbustad

Krets	Utskrive skatt	% av samla skatt
Bøfjorden	454 978	5,69
Bæverfjord	567 454	7,11
Mo	838 863	10,50
Øye	4 688 511	58,70
Stangvik	1 033 475	12,94
Todalen	404 099	5,06
Sum	7 987 380	100,00

4 Rådmann/sentraladministrasjonen

4.1 Rådmann

Gjeldande organisasjonskart ser no slik ut:





Rådmannsteamet (leiargruppa) er samansett av rådmannen, dei 3 kommunalsjefane, plansjefen og økonomisjef. I den utvida leiargruppa deltek også personalsjef og avdelingsleiar for informasjon og service. Hovudoppgåva for rådmannsteamet er m.a. å førebu, legge fram, i verksette og følgje opp forslag som blir vedteke i politiske organ. Rådmannsteamet har også eit overordna ansvar for administrativ leiing og økonomistyring – og å legge tilrette og gjennomføre gode prosessar for strategisk arbeid og utvikling.

Dette ville vi oppnå i 2016

- Gjennomføre beslutningar i høve til kommunereforma
- Gjennomføre nødvendige reduksjonar i drifta
- Gjennomføre politiske vedtak som følger av budsjettreduksjonane
- Vedtak på arealdelen til kommuneplanen
- Vedta reguleringsplan for sentrum

Vurdering

- Kommunestyret vedtok i at kommunen skulle halde fram som eigen kommune.
- Det har vore arbeidd med å ta ned driftsnivået i tråd med budsjettvedtak.
- Det har vore arbeidd med å gjennomføre dei politiske vedtaka.
- Arealdelen vart ikkje vedteke i 2016, prosessen har vore krevande.
- Det har ikkje vore arbeidd med sentrumsplanen, da ressursane har vore konsentrert om å få ferdig arealdelen.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Tilpasse ny kommunestruktur
- Tilpasse tenesteproduksjonen etter dei økonomiske rammene
- Tilpasse nye strukturelle endringar som følger av politiske vedtak

Vurdering

- Etter kvart må vi tilpasse interkommunale avtalar til den nye kommunestrukturen.
- Stramme budsjett krev ein kontinuerleg tilpassing av tenesteproduksjonen.
- Det blir arbeidd kontinuerleg med å tilpasse krava til strukturelle endringar.

Utfordringar

- Gjennomføre kostnadsreduksjonar i drifta.
- Kommunereforma
- Viktige satsingar innafor IKT og dataløysingar.

- Rekruttere og beholde kompetent personale.

Vurderingar

Kommunen har gjennomført ein god kommunereformprosess. Stramme budsjett sett store krav til drifta. Vi ser at det fortsatt må arbeidast målretta for å sikre god og kompetant arbeidskraft.

4.2 Økonomi

Økonomi har ansvaret for disse oppgåvene:

- Føring av rekneskap for kommunen, inkludert interkommunale samarbeid og diverse legat. Avstemming og kontrollarbeid på rekneskapen.
- Ansvar for mva. oppgåvene, inkl. søknad om mva. kompensasjon.
- Felles mottak og skanning av fakturaer for heile kommunen.
- Utgåande fakturering for alle einingane, og ansvar for innfordring av alle kommunale krav.
- Overordna ansvar for budsjettgrunnlag og oppfølging av dette.
- Ansvar for rutine for økonomiarbeidet og internkontroll på dette området.
- Overordna ansvar for innkjøp og kontaktpunkt mot innkjøpssamarbeidet på Nordmøre.
- Lønnsarbeid, inkl. refusjon av sjukepengar.
- Daglig finansforvaltning, både på plassering og gjeldssida.
- Saksbehandling for formannskap og kommunestyre i økonomisaker.
- Rettleiing og oppsyn med økonomiarbeidet i einingane.
- Skatteoppkrevar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda, inkl. rettleiing, saksbehandling, tvangsinnkreving/ tvangssal og rekneskapskontroll.
- Arbeidsgjevarkontroll, inkl. rettleiing for nye arbeidsgjevarar.
- Eigedomsskattekontor, inkl. saksbehandling for takstnemnda og klagenemnda.
- Administrering av startlån, inkl. sikring av pant/ tinglysing.

For 2016 var målsettinga å vidareutvikle og forenkle saksflyten vår på økonomiområdet.

Dette ved å

- ta i bruk nye elektroniske forsystem for direkte input i rekneskapet
- sikre gode innkjøp og redusert fakturabehandlingstid ved bruk av eOrdre og Visma eHandel
- få alle tilsette over til lønsslipp på epost og elektronisk reiserekning

Kompetanseutvikling



Delta på regionale og nasjonale kurs og konferansar innan fagområdet. Ta i bruk nye verktøy som blir utvikla, og vere pådrivar for oppgradering, rasjonalisering og samarbeid i Romsdal og på Nordmøre.

4.3 Personal og kompetanse

Personal og kompetanse har i dag 3,25 årsverk.

Personal og kompetanse har særleg ansvar for å sette i verk kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk slik den er nedfelt i lov- og avtaleverk, kommunale planar, med særleg vekt på personalplana, og andre kommunale vedtak som gjeld arbeidsgjevarpolitikken.

Personal og kompetanse har ansvar for saksbehandling og oppfølging av vedtak i tilsettingsutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og sekretærfunksjon i andre utval, prosjekt og arbeidsgrupper knytt til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Personal og kompetanse har eit særleg ansvar for rekrutteringsarbeidet i kommunen; frå ei stilling blir ledig, til evt. utlysing, til vedtak om tilsetting er fatta og kunngjort, inngåing av arbeidsavtalar, og melding til alle som har søkt stillinga. Under tilsettingsforholdet har Personal og kompetanse arbeidsoppgåver i forhold til m.a. ulike typar permisjonar, lønnsfastsetting og forhandlingar, endringar i tilsettingsforholdet, sjukefråværsoppfølging, saker som gjeld yrkesskadar, disiplinærsaker, pensjonsspørsmål og søknader om ulike typar pensjon, oppseiing og avslutning av arbeidsforholdet.

Støtteininga driv mykje med oppfølging, rettleiing og opplæring til einingane i forhold til den daglege utøvinga av arbeidsgjevarfunksjon, og i saker der einingsleiarane treng særskilt oppfølging og støtte. Personal og kompetanse har også overordna ansvar for kommunen sitt arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Aktivitet/arrangement ut over daglege løpande oppgåver 2016:

- Arrangement for jubilarar og pensjonistar
- Velkomsttreff for nytilsette
- Sommarjobb for ungdom
- Arbeid med innføring av nytt elektronisk rekrutteringsverktøy. Blir slutført i 2017.

I 2016 har Personal og kompetanse arbeidd særleg med:

Bruke si bemanning på rett måte for å kunne ivareta alle oppgåvene som er lagt til Personal og kompetanse, og få desse utført på ein fagleg god nok måte. Ein har lagt om interne rutinar og arbeidsmetodar, og dette vil også bli vidareført i 2017.

Ein har i 2016 hatt endå større vektlegging av arbeidet med sjukefråværsoppfølging, herunder NAV si innskjerping av aktivitetskravet ved 8 vekers sjukemelding.



Personal og kompetanse har i 2016 arbeidd enda meir målretta saman med dei einingane som har det høgste sjukefråværet, for å styrke nærværsfaktoren og redusere sjukefråværet. Det har vore gjennomført ulike møte med dei einingane som har dei største utfordringane, med fokus på kompetanseformidling til leiarane og også utarbeiding av konkrete tiltak på enkelttilsette der det er behov for dette.

4.4 Informasjon og service

Aktivitet

2016 var eit år prega av fornying, spesielt med tanke på kommunikasjon og kommunikasjonsteknologi. Vi har gått over frå fasttelefonar til mobiltelefonar, eit teknologiskifte som har berørt mange tilsette. Det har gått med mykje tid til oppsett, opplæring og tilrettelegging. I tillegg har vi teke i bruk Skype som samhandlingsverktøy. Ei løysing som har gjeve dei tilsette ein fleksibel kvardag, og ikkje minst økonomisk i forhold til mindre reising.

SvarUt er og ei løysing som har endra måten vi kommuniserer på. Ein effektiv og sikker måte å sende brev på i digital form, i motsetnad frå før, der vi sende papir eller epost.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

- Innan sommaren 2016 skal fasttelefon fasast ut og mobiltelefon overta.
- Utvida bruken av SvarUt ved at fleire einingar tek i bruk dette.
- Fleire tenester tilgjengeleg digitalt via våre heimesider.

Vurdering

Som planlagt vart telefonsentralen på kommunehuset og sjukeheimen lagt ned. Dette skjedde i juli 2016 i tråd med plana. Alle fasttelefonar vart då bytta ut med mobiltelefonar. Vi har no fått ei fleksibel løysing for dei tilsette, og som vi håpar skal komme publikum til nytte.

Stadig fleire tek i bruk «SvarUt», men vi har eit ønskje om at langt fleire. Dette arbeidet må vi ta vidare inn i 2017.

Arbeidet med å få fleire tenester digitalt via heimesidene har stoppa opp i påvente av ny heimeside. Dei nye heimesidene skal vere klare i juni 2017. Målet då er å få gode heimsider som er tilrettelagt for dagens og framtidens behov.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Innføre digital tryggleikssalarm og tryggleikspakke.
- Ta i bruk skjema med sensitive data (skjema med helseopplysningar som krev ekstra sikkerhet).
- Ny heimeside (nytt design og nye tenestesider) tilpassa dagens behov.
- Ta i bruk Skype som samarbeidsløysing i større grad, for betre effektivitet og mindre reising.
- Sette opp trådlause nett i alle kommunale bygg – full dekning.
- Innføre sikker utskrift innanfor helse og skule.
- Auke i nettkapasitet frå 100 Mbit til 1 Gbit frå kommunar til fellespunktet i Kristiansund, samt utskifting av lokalt utstyr slik at vi kan unytte den auka kapasiteten.
- Innføre mobil kostnadskontroll.
- Innføre eigen portal opp mot mobile tenester for support og innkjøp for alle tilsette.

Vurdering

Nye heimesider er planlagt lansert i juni 2017.

Skype som samhandlingsløysing er rulla ut til alle leiarar i Surnadal kommune, samt enkelte andre ressurspersonar med behov. Bruken aukar stadig, og viser seg vere ein effektiv måte og kommunisere på, og ikkje minst økonomisk.

Nettkapasiteten frå kommunehuset til fellespunktet i Kristiansund er auka frå 100 Mbit til 1 Gbit. No gjenstår arbeid lokalt med å få utnytta denne kapasiteten. Dette sett vi i samband med utbygging av trådlause nettverk i alle kommunale bygg.

Når det gjeld tryggleikssalarmer og tryggleikspakke så er dette no ute på anbod og vi vil starte med utskifting av analoge apparat i løpet av 2017.

Vi har innført mobil kostnadskontroll i kommunen. Ei ordning som går ut på at alle tilsette som har mobiltelefon gjennom arbeidsgjevar, må forhalde seg til reglar for kva som er privat bruk, og kva som er arbeidsrelatert.

Utfordringar

Krava og forventingane frå tilsette og publikum er fortsatt reell og aukande.

Den mobile verden har komme for å bli. Tilsette ønskjer å være tilgjengeleg, dei ønskjer å få informasjon på ein enkel måte, og dei ønskjer å kommunisere på ein enkel måte. Dette stiller krav til våre løysingar, med tanke på kapasitet og oppetid. Krav til tilgjengelegheit stiller og krav til sikkerhet. Fleire og fleire vil ha heimekontor, fleire ønskjer å lese epost på mobil, og fleire ønskjer å kunne nå ulike løysingar same kor dei er. Denne utviklinga må vi ta høgde for.

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2015
Sentraladministrasjonen	28 605	26 802	1 803	29 033

Rådmannen si vurdering

Meirforbruk skuldast fleire høve, men først og fremst høgare eksterne kostnader som ikkje var høgt nok budsjettert. Det er også ført kostnader som vil bli refundert gjennom eksterne tilskot i 2017.

4.5 Politisk verksemd

Ein har valt å leggje all økonomi knytt til politisk verksemd under eit eige ansvar. Dette er:

- Ordførar 100% stilling, funksjonshemma
- varaordførar 20% stilling
- Klientutval
- Kommunestyre, formannskap og hovudutvala
- Kontrollutvalet
- Ungdomsråd, elderråd, rådet for
- Overformynderiet
- Valstyret

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2015
Politisk verksemd	3 940	3 427	513	4 309

Rådmannen si vurdering:

Utgifter i samband med folkeavstemminga om kommunereforma vart ført på politisk verksemd. Arbeidet med kommunereforma førte også til auka møteaktivitet. Fylkesmannen ytte og eit tilskot til kommunane i samband med dette arbeidet.

5 Næring, kultur og utvikling

5.1 Næring og utvikling

Aktivitet

Utviklingsavdelinga i kommunen har etter kvart funne ei god arbeidsfordeling i høve kompetanse og arbeidsoppgåver. Vi ser likevel at det er eit uutnytta potensiale i samarbeid på tvers av fagområde med resten av administrasjonen, samt at dei ulike fagområda kan bruke utviklingsteamet meir.



Kulturavdelinga er den einaste eininga i denne avdelinga med einingsleiar Lilli Husby, som har med seg en stab på omlag 10 personar. Elles er det 3 tilsette som utgjer staben for utviklingsavdelinga.

Næring og utvikling er ein stabsfunksjon med 3 medarbeidarar. Kommunalsjef er ansvarleg for ”teamet”, som består av ein næringskonsulent og ein rådgjevar.

Arbeidsoppgåvene til avdelinga er både prosjektrekta og med fleire tyngre stabsfunksjonar på oppdrag frå rådmannen. Næringsutvikling, samfunnsutvikling, rekruttering og tilrettelegging for å få eit attraktivt bu - og arbeidsområde.

Våre arbeidsoppgåver har i 2016 vore:

- Vere sakshandsamar for Næringsfond og Landbruksfond
- Koordinering og oppfølging av veterinærvakttenesta
- Dagleg drift av Surnadal Hamneterminal AS
- Sekretariatsfunksjoner for kommunale selskap
- Sekretariatsfunksjoner for Surnadal Næringsforening
- Vere pådrivar og utøvar av næringssamarbeid med Sunndal (SUSU-prosjektet).
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt samarbeid på entreprenørskap.
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt og fylkeskommunalt næringssamarbeid.
- Vere kontaktledd og samarbeidspart for næringsutvikling med næringslivet.
- Vere pådrivar og utøvar av rekrutteringstiltak på vegne av næringslivet.
- Kommunalt Hoppid.no-kontor; rådgjeving og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eigen bedrift.
- Del av administrativt-team for kommunereformarbeid
- Administrere kjøp, sal og opparbeiding av industritomter.

Dei mest sentrale lovverka som blir nytta er Kommunelova, Forvaltningslova og Offentlighetslova. I tillegg til lover med eit meir fagleg preg.

Resultat for 2016

Gjennomført eit driftsår med SUSU-programmet som har resultert i:

- «• Tilskuddsordningen for bedriftsretta tiltak i SuSu-Programmet fungerer godt.
- God tilgang på søknader / prosjekter i 2016 i tråd med hovedintensjonen for ordningen om å stimulere til vekst i eksisterende bedrifter:
Tiltak som gir sysselsettingseffekt og/eller inngår i en klar vekststrategi skal prioriteres.
- Utveksling av erfaringer om forvaltning av kommunale tilskuddordninger foregår løpende.
- Drøftinger om muligheter for bedre utnyttelse av eksterne foregår løpende.
- Samordnet finansiering av vidare planarbeid for Todalsfjordprosjektet kostnadsberegnet til inntil 10mill kr vedtatt, basert på en 3-delt finansiering mellom Sunndal og Surnadal (KOMP-midler) og M&R fylkeskommune.
- Delprosjekter gjennomføres med god samkjøring og gjensidig kompetansutnyttelse.
- SuSu-Programmet bidratt aktivt til å framskynde Todalsfjordprosjektet gjennom god dialog



om prosjektet med Todalsfjordprosjektet AS og kommunene, samt ved gjennomføring av Fjordcruise i mai 2016

Koordinering av søknader om tilskudd fra M&Rfk til gründermobilisering i 2016.

I løpet av SuSu-Programmets første 3 driftsår karakteriseres gjennomført aktivitet under Hovedmål 4: Samordne næringsutviklingsarbeidet: **Fungerer godt – ønske om å gå videre fra 2018**
Merknad: Det store fokuset som kommunene har hatt på kommune- og regionreformen har skapt noen utenforliggende utfordringer. Ifbm med reformen har Fylkesmannen pekt på at en evt kommunesammenslåing Sunndal-Surnadal «vil kunne forsterke nærings- og samfunnsutviklinga som føregår i denne regionen og like eins forsterke ein felles bu-,sørvis- og arbeidsmarknad med å bygge desse to kommunane på Indre Nordmøre saman til ein kommune.»»

Dette har medvirka til

- 74 fleire sysselsette i Surnadal i 2016 enn i 2015
- 43 nye foretak i Surnadal i 2016

Reiselivsprosjektet eit samarbeid med Sunndal med tilsett «opplevelsesskreddar» er avslutta (Martha Torvik har sagt opp stillinga si). Ved sluttoppgjør har ein valgt å gi eit avgrensa oppdrag til «Den Gode Maten», og fullføre fotoprojektet. Det er ikkje vedteke å bevilge nye tilskot til reiselivenæringa i skrivande stund, anna enn avtalen med Destinasjon Nordmøre og Romsdal.

Asfaltert 17.500 m² på Surnadal hamn og åpna for lagerleie utandørs. Offisiell åpning var 16. januar 2017. Planar for utvidinga av nytt asfaltert utelager er under planlegging for våren 2017.

Slutført kommunen si nye Boligpolitisk plan, eit tverrfaglig samarbeid både faglig og politisk.

Vi har gjennomført:

- 22 bedriftsbesøk
- 18 nyetablerarar har gjennomført hoppid.no- samtalar med oppfølging
- Arrangert kurs for næringslivet i Surnadal:
 - «Hvordan lykkes betre i salgsarbeidet»
 - Gründerseminar saman med Innovasjon Norge
 - Skattekurs saman med Skatteetaten
- «grendaløft» i Sagatun, 47 deltakarar
- Behandla søknader:
 - 38 næringsfondssaker
 - 17 landbruksfondssaker
 - 3 hoppid.no-saker

Vurdering



Stor aktivitet som gir resultat. Omdømmet er godt og vi opplever at næringslivet er svært nøgd med dei tenestene vi tilbyr.

Handlingsprogram 2017

- Få ei god drift i Surnadal Hamneterminal AS, bygge ut området og opparbeide større kundekrets. Søke om meir offentlig støtte til å utvide areal
- Fortsette med å få til eit godt system for oppfølging av verksemdar som har fått støtte frå næringsfondet og jamnlege bedriftsbesøk
- Få fleire og betre etableringar som også er i god gang med varig drift
- Fortsette rekrutteringsarbeidet med Sjøkk Nordmøre og Utpågang
- Få boligstrategisk plan ut i livet og starte tiltak innafor plana.
- Få fleire investorar/kjøparar i opparbeidd areal i Røtet
- Evaluere og slutføre næringsutviklingsprogrammet saman med Sunndal kommune og stake ut kursen for framtidige tiltak og prioriteringar

Dette vil vi oppnå i 2018-2020

- Bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv
- Styrke Surnadal kommune sitt omdømme som ein god plass å bu
- Bidra til å få utbygd Svartvatnet friluftspark
- Bidra til å få bygd aktivitetspark i Sæterlia for heilårsdrift
- Få min 10 mill kr i eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen

Rådmannen si vurdering

Det er stor aktivitet i næringsutviklingsarbeidet og det gir gode resultat. Nye arbeidsplassar og nye bedrifter vert etablert som gir ein samfunnsøkonomisk gevinst. Dette fører til at kommunen kan utvikle sine tenester til innbyggjarane. Utan verdiskaping vil det verte vanskeleg å utvikle kommunen til ein attraktiv stad å bu og arbeide i.

Utfordringa er at ein er få tilsette som har dette som fokusområde, men med godt samarbeid tverrfagleg og interkommunalt evnar ein å få til gode tiltak som gir resultat.

Næringssamarbeidet med Sunndal har synt seg å gi svært gode resultat. Særleg det siste året. Surnadal Hamn tek mål av seg til å bli eit regional knutepunkt for logistikk og i det ligg det mykje verdiskaping og potensiale for næringslivsvekst.

5.2 Kultur

Aktivitet

I kulturplanen heiter det: «Kunst og kultur har ein viktig eigenverdi og kan ikkje reduserast til middel for å nå andre mål. Såleis står den enkelte sine opplevingar og utvikling i sentrum. Kulturaktivitet og kulturoppleving er òg ein berebjelke for lokal og regional identitet, trivsel og utvikling. Kultur er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling og verdiskaping. Den har derfor meirverdi knytt til trivsel, bulyst, folkehelse, omdømmebygging, rekruttering, kompetanse, innovasjon og nyskaping».

Kulturavdelinga er organisert med 7 område:

- ✓ Ungdom: Barne- og ungdomsarbeid og fritidsklubben.
- ✓ Frivilligheita: Frivillige lag og organisasjonar (idrett og friluftsliv).
- ✓ Bibliotek.
- ✓ Kino.
- ✓ Kulturhuset.
- ✓ Kulturkontoret: Kulturvern, bygdebok, museum, kulturhus og fordeling av kulturmidlar etc.
 - ✓ Museum: Nordmøre museum som står for drifta av anlegga av Surnadal museum. Kommunen eig museums- samlingane og -bygningane ved Åsen bygdemuseum, Svinvik Arboret og Kleiva.

Handlingsprogram

- a. Utgiving av bygdebok for Surnadal, band 1.
 - ✓ Band 1, Kårvatn – Åsbø blir gjeve ut. Oppstart og slutføring av neste band frå Stangvik.
- b. Fleire uformelle møteplassar på kulturhuset
 - ✓ Kultureininga ønskjer å auke bruken av tilboda på kulturhuset enda meir, og ser for seg eit tilbod på biblioteket med fleire uformelle møteplassar, og å bruke fleire områder på kulturhuset til andre typar arrangement enn det som til no blir bruka som formidlingsarena.
- c. Ny «heim» til Fritidsklubben
 - ✓ Kultureininga ser at det ikkje lengre er «botvon» i den gamle «ullstasjonen» og meiner våre ungdommar bør få ein betre tilhaldsstad. Det er behov for i 2016 å arbeide aktivt for å finne ein slik stad sentralt plassert på Skei.

Vurdering

- a) Første band i serien bygdebok for Surnadal, vart lansert under Laksefestivalen. Vi er godt nøgde med mottakinga og er godt i gong med band 2.

- b) Dette området vi har arbeid med i 2016, på biblioteket har vi småbarnstreff ein onsdag i månaden og frå før jul er det dataklubb kvar onsdag på lesesalen. Det er kjøpt inn hjul og møbler på hjul (prosjekttilskott frå nasjonalbiblioteket), slik at vi kan ommøblere for å gi plass til forestillingar/foredrag etc. Vi har fokusert mest på biblioteket i 2016, og vil sjå på resten av huset framover.
- c) I 2016 har vi prøvd å finne løysing for nye klubblokale, ettersom det tidlig i budsjettprosessen vart bestemt at det skulle vere eit års pause i klubbdrifta i 2017, så vart prosessen lagt på vent.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- a. Nasjonal sikring av området rundt Bårdshaugen.
- b. Tursti med kopi av Kavlevegen (frå før Svartedauden), på Eide med utgangspunkt frå Åsen Bygdemuseum.
- c. Meir ope bibliotek og investering i utstyr som kan gi eit til dels sjølvbetjent bibliotek på kveldstid.
- d. Utvikling av Svinviks Arboret, både med nytt stisystem og formidlingsrom (påbygg).
- e. Innkjøp av marknadsføringsskjermer og billettautomatar.

Vurdering

- a. Punktet er fjerna frå lista.
- b. *Tursti med kopi av Kavlevegen (frå før Svartedauden), på Eide med utgangspunkt frå Åsen Bygdemuseum.* – Kultureininga har fått støtte til eit forprosjekt frå Riksantikvaren og Møre og Romsdal fylke – det blir arbeidd aktivt med dette prosjektet.
- c. *Meir ope bibliotek og investering i utstyr som kan gi eit til dels sjølvbetjent bibliotek på kveldstid.* Dette vart meldt inn som investeringsbehov i 2017, men kom ikkje inn på lista.
- d. *Utvikling av Svinviks Arboret, både med nytt stisystem og formidlingsrom (påbygg).* Dette ser vi for oss å arbeide med litt seinare i perioden, ettersom det er dei same personressursane som òg held på med «Kavlvegen pkt. b»
- e. *Innkjøp av marknadsføringsskjermer og billettautomatar.* Billettautomaten er innkjøpt og kjem på plass i foajeen på kulturhuset i løpet av våre 2017.

Utfordringar

Utfordringar i 2016, var at kultureininga ikkje hadde tid til å prioritere planarbeid. Dette gjaldt; kulturplan i 2015 inkludert ei kulturbyggplan, plan for idrett og friluftsliv og kulturminneplan. Alle desse planane bør ha eit handlingsprogram med tiltak som skulle hatt ei årleg rulling i kulturstyret (formannskapet) i junimøtet kvart år, slik at ein er godt forberedt til budsjettarbeidet og ser tydelig kva som bør prioriterast framover. Dette er

oppgåver vi har prøvd å arbeide med, men som framleis ikkje er ferdige. Årsaka er personressurs på kultureininga, med så lite bemanning vi i dag har i eininga så er vi svært sårbare ved t.d. sjukemeldingar. Dette er framleis ei utfordring, når vi går inn i 2017.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Kultur	6 531	6 143	388	7 385

Rådmannen si vurdering

Ferdigstilling av planarbeidet vil bli prioritert i 2017. Planlegging og plassering av nye lokale for ungdomsklubb har som mål å bli ferdig i 2017, som er omtala som eit pauseår. Kultureininga arbeider godt og leverer gode tenester til innbyggerane, men er likevel såbar med begrensa ressursar økonomisk og personalmessig. Avtalen med hotellet som resepsjon både for hotell og kulturhus er under forhandling og vil truleg stå fram i ny form seinhausten 2017.

Nye tilbod for å styrke folkehelsa kan være svært attraktivt for å auke trivsel og omdømme. Det kan også gi ein god start med tilgang på statelege midlar til planlegging og opparbeiding av slike tilbod.

I tertialrapport 2, 2016, varsla kultureininga at vi kunne komme til å få eit meirforbruk på om lag kr 560 000 kroner, vi kom godt under det.

Vi nådde ikkje det regulerte budsjettet, men regnskaper viser eit meirforbruk på vel kr 100 000 i forhold til opphavleg budsjett på kr 6 425 000. Det kan vi seie oss nøgd med.

6 Oppvekst

6.1 Aktivitet

Midtigrenda barnehage

Stabil personalgruppe med nokre nye tilsettingar (vikariat, overflytting, fast etter 4 års-regelen). Arbeidd mykje med organisering av barnegruppene, der vi brukar areala på ein betre måte, som gjer at barnegruppene ikkje blir så store pr. avdeling –meir fordelt på heile huset- Stor pågang av småbarnsplasser (dei yngste barna).

Øye og Skei barnehage

Øye barnehage har hatt rundt 84 barn, i snitt, innom dørene i løpet av veka i 2016. Vi har hatt ei stabil drift gjennom heile året. Det har vore lite utskiftingar i personalgruppa utover svangerskapspermisjonar og mindre avklaringar. Det har vore stor pågang på småbarnsplassar men vi har til no, stort sett, klart å gje alle ei tilbod.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Oppvekstsenteret har fått ny einingsleiar hausten 2016.
- Oppvekstsenteret har hatt auke i barnetalet for barnehagane og elevar i skulen.

Mo oppvekstsenter

- Oppvekstsentret har både fått ny einingsleiar og rektor hausten 2016.
- Vi har ein tilsett i barnehagen som tek ICDP sertifisering (foreldreveiledningsprogram)
- Barnehagen har vore pilot for PPT sitt prosjekt «flerirfaglig blikk»

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

- Todalen oppvekstsenter har fått breiband
- Ny einingsleiar frå hausten 2016

Øye skule

- Oppretta Innføringsklasse i 2016
- 12 nytilsette starta ved Øye skule hausten 2016, derav fire vikarar og ein lærling. Fire av dei faste nytilsette er lærarar
- Det har gått med mykje tid i personalet i arbeidet med «Nye Øye»

Surnadal ungdomsskule

- Ny inspektør og einingsleiar frå hausten 2016.
- Frå hausten 2016 er utviklingsfokuset «Lesing som grunnleggjande evne i alle fag».

Vaksenopplæring og Integrering

- I 2016 busette Surnadal kommune 30 flyktningar. Av desse familieinnvandra fem personar. Seks av dei busette var einslege mindreårige. Dette var i tråd med oppmodinga frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (MDi).
- 21 personar gjennomførte norskprøven etter introduksjonslova § 17 og 15 personar gjennomførte samfunnsfagprøven.
- 76 % av dei som avslutta si deltaking i introduksjonsprogrammet gjekk over i arbeid eller utdanning.
- Representantar frå eininga har delteke på interkommunale samarbeidsmøte.
- Inspektør deltok på norskkonferansen på Gardermoen i regi av Kompetanse Norge.
- Vaksenopplæringa har kome eit steg vidare i å kunne gje deltakarane ei individuell opplæring.
- Integreringa arrangerte eit fem vekers sommarprogram.
- Det har vore avvikla fire møter i koordineringsgruppa for flyktningararbeid i frivillige organisasjonar
- Ved utgangen av 2016 fekk 67 personar opplæring i norsk og grunnskulefag ved vaksenopplæringa

6.2 Handlingsprogram

Felles utviklingsområde i 2016 - 2019

IKT – Barnehageløftet og Skuleløftet

- Vurderingsløftet – Vurdering for læring
 - Betre tilpassa opplæring og spesialpedagogikk
 - Lokalt læreplanarbeid
 - Entreprenøriell/utforskande læring
 - Kompetanseutvikling
- Elevmiljø og utvikling av sosial kompetanse

Midtigrenda barnehage

IKT:

Vurdering

IKT inn mot barnegruppene med fokus på temaarbeid, progresjonsplan og daglege aktiviteter. Mest bruk av I`pad, foto og prosjektor i barnegruppene.

Nedfelt ei IKT-gruppe som har arbeidd og skal arbeide meir med ulike verkty, og forslag til nye aktiviteter i barnegruppene ifht. IKT-arbeidet. Vi har lagt ut informasjon til foreldra i Fronter.

Vurdering for læring

-Spes.ped/kompetanseutvikling:

Vurdering

Vi har arbeidd med enkeltbarn og barnegruppene ifht. organisering av personalet, kompetanse, antall barn pr. avdeling og spes.ped.arbeid generelt på kvar avdeling.

-Skulering av ped.leiarane på spes.pedkunnskap via kurs i regi DMMH –ferdig hausten 2016.--Bhg.lærarar på vikariat for å styrke kompetansen på bhg.

Entreprenøriell læring:

Vurdering

-Vi har fulgt årshjulet vårt, og gjennomført det vi har planlagt i ifht. entreprenørskap og barns medvirkning –forarbeid -arbeid underveg- etterarbeid.

Utvikling av sosial kompetanse/relasjonskompetanse:

Vurdering

-Nådde mål har vorte gjennomgått kvar veke og kvar månad, og fokus har gjennom heile året vore sosial kompetanse i alle ledd.

-Vi har hausten 2016 starta med opplæring på 2 av våre bhg.lærarar, i eit foreldreveilednings-verkty, som blir kalla ICDP, inn mot førebygging og styrking av foreldrerolla –gode samspillsregler.

Øye og Skei barnehage

Dette vil vi oppnå i 2016:

- Ikt – barnehageløftet
Arbeide i høve utarbeida plan i barnehageløftet . 4 fokusområder: Ikt - barn, foreldre, administrasjon og tilsette. Vi vil drive med kompetanseutvikling i eigen barnehage på dette feltet. Skifte ut gamle pc'er. 4 bærbar pc'er skal utskiftast i 2016.
- Entreprenørskapstenking
Arbeide etter vedteken plan. Ha fokus på å utvikle dei entreprenørielle ferdighetene hos barna.
- Kompetanseutvikling
Legge til rette for at pedagogiske leiarar får vere med på opplæringa rundt spesialpedagogikk i barnehage i regi Surnadal kommune og Dronning Mauds Minne høyskole (DMMH). Oppmuntre/legge til rette for at assistentar og barne- og ungdomsarbeidarar kan ta arbeidsplassbasert lærarutdanning. Drive kompetanseutvikling i eigen organisasjon.
- Sosial kompetanse
Bruke sosial læreplan som utgangspunkt for arbeidet med sosial kompetanse. Førebygging av mobbing vil vere sentralt i dette arbeidet.
- Redusert sjukefråvær.

Vurdering

Ikt – barnehageløftet – Vi har gjort det Barnehageløftet har utfordra oss på, nemlig å lage vår eigen plan for arbeidet med Ikt i vår eining. Vi har hatt utvikling på alle dei 4 fokusområda vi satte opp for 2016:

Vi saknar fortsatt ei plattform der vi kan formidle skriv, planar og bilete på ein sikker måte.

Entreprenørskapstenking: Vi jobbar aktivt med å ta meir av entreprenørskapstenkinga inn i kvardagen vår. Vi har fått opp augene for at dette er arbeidsmåten for å sikre at barna får vere kreative, lære å samarbeide, oppleve meistring, skape trivsel og sikre medverkning.

Kompetanseutvikling: Her har vi gjort det vi planla å gjere.

Sosial kompetanse: Vi har fletta Sosial læreplan inn i vår eigen plan og på den måten sikra at det blir arbeidd grundig og systematisk med innhaldet i plana.

Sjukefråvær: Her prøver vi å vere på med tanke på oppfølging og førebygging. Vi tek stadig opp temaer som høyrer inn under psykososialt arbeid. Vi har hatt fokus på ergonomi i 2016. Enkeltpersonar er på veg mot å få avklara sin arbeidsevne og vi har fortsatt motivasjon og planar for å få senka fråværet ytterligare.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Opplæring innan IKT for elevar og tilsette m.a. Fronter.
- Auke bruk av IKT i undervisningssamanheng, og nytte IKT som samarbeidsarena med heimen.
- Arbeide for eit godt læringsmiljø.
- Halde fram med VFL (Vurdering for læring).
- Ha eit konstant fokus på lærings- og elevmiljøet for å avdekke eventuell mobbesituasjonar.
- Oppretthalde fungerande organ på skulen t.d. elevråd, FAU og SSU.

Vurdering

- Vi har lagt ned eit betydeleg arbeid innan opplæring i IKT, både blant tilsette og elevane. Fronter er tona ut, men vi har innført Office 365.
- Foreldra har fått lesetilgang i Office 365 via eigen link.
- Vi har prøva å kople saman arbeidet innan IKT med vurdering for læring, her har vi gjort ein del, men er fortsatt ikkje i mål.
- Vi har elevråd, FAU og SSU. Elevrådet er prega av at vi berre har elevar frå 1. – 5. trinn.
- Det er eit kontinuerleg arbeid med elev og læringsmiljøet. Her har vi bruka programmet «Zero» og «steg for steg»

Todalen og Stangvik oppvekstsenter (Utdrag frå Årsplan 2015-16)

Brukaren og lokalsamfunnet

Mål 1: Alle elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø. Ingen skal bli utsett for krenkjande åtferd og mobbing.

Mål 2: Elevane opparbeider kompetanse i tråd med måla i læreplanen. Elevane møter ein vurderingskultur der prinsippa for god vurdering er ein integrert del av all praksis i klasserommet.

Mål 3: Tostop har brukarar med medansvar og medvirkning.

- Velfungerande formelle organ på skulen: elevråd, foreldreutvalg/FAU og SSU
- Elevar og føresette som tar ansvar og som engasjerer seg positivt i skolekvardagen.

Medarbeidaren – organisasjonen

Mål 1: Arbeide etter visjonen «Ein god plass å vere – ein god plass å lære», for alle.

Mål 2: Drive utviklingsarbeid etter kommunen sin plan «Surnadalsskulen 2015-2017», med fokus på elevmedverknad og kollektive læringsprosessar.

Mål 3: Vidareutvikle det profesjonelle læringsfellesskapet.

Vurdering

Brukaren og lokalsamfunnet

Mål 1: Eit godt og inkluderande læringsmiljø er noko vi arbeider med kontinuerleg og som vi tykkjer vi har.

Mål 2: Vurderingsprinsippa er med å gjer at elevane når måla i læreplana.

Mål 3: Trass i eit velfungerande elevråd har vi fortsatt ein veg å gå når det gjeld elevmedverknad. Samarbeidet mellom heim og skule fungerer godt.

Medarbeidaren – organisasjonen

Mål 1: TOSTOP er «Ein god plass å vere- ein god plass å vere, for alle.

Mål 2 og 3: Har starta ein kollektiv læringsprosess i kollegiet med tanke på Smart læring og O365. Dette er med å vidareutvikle det profesjonelle læringsfellesskapet.

Mo oppvekstsenter

- 1.Opplæring av barn og vaksne innan IKT-Fronter.
- 2.Drive aktivt utviklingsarbeid omkring VFL med fokus på elevmedverknad og læringsprosessar (jfr. VFL- «Surnadalsskulen 2015-2017).
- 3.Ha eit konstant fokus på læringsmiljøet slik at eventuelle læringsmiljøsaker/mobbesaker blir avdekt og handtert så tidleg som råd.

Vurdering

- **Opplæring:** Vi brukar ikkje Fronter, men O365 i skulen. Lærarar og elevar brukar O365 i undervisninga.
Alle tilsette har tilgang på pc for å kunne føre fråvær ol. Alle har fått opplæring i bruk av kvalitetslosen. Alle kjem inn på 66 brukar og har fått e-post på android eller iphone.
- Lærarane vil fortsette utviklingsarbeidet i høve VFL der bruk av O365 vil bli sentral i framtida.
- **Læringsmiljø:** Vi arbeider aktivt kvar dag for at alle elevar og barn i barnehagen skal ha det bra og trivast. Vi har gått gjennom og revidert handlingsplan mot mobbing i personalgruppa og kvardagsreglar som gjeld for elevane. Elevane har gjennomfør ei ikkje anonym spørjeundersøking.

Øye skule

- Halde fram med VFL (Vurdering for læring).
- Halde fram satsinga på IKT i skulen.
- Halde fram arbeidet med satsing på faggruppene for å styrke det faglege nivået til lærarane og auke elevane sitt læringsutbytte.
- Halde fram arbeidet der alle er med og skapar eit godt lærings- og elevmiljø.
- Halde fram arbeidet der alle er med og skapar eit godt vaksenmiljø.
- Auke bruk av IKT i undervisningssamanheng, men også som samarbeidsarena med heimen.
- Utvikle VFL for felles forståing for alle i skulemiljøet.
- Arbeide for eit godt læringsmiljø.

Vurdering

- Arbeidde mykje med VFL i personalet i starten av 2016
- Arbeidd godt med IKT, kvar elev si eiga maskin på 6. og 7. tr. O365 blir bruka av mange
- Stor satsing på vidareutdanning og styrking av faggruppene
- Arbeidd godt med elev- og læringsmiljøet, m.a. i elevrådet
- Arbeidet med vaksenmiljøet har stått sentralt i 2016

Surnadal ungdomsskule

- Betre eksamensresultatet i matematikk våren 2016.
- Kjøpe inn PC-ar til som er klare til bruk hausten 2016 for elevane på 8.trinn (70 stk).
- Skifte ut minst 10 lærar-PC-ar før skulestart hausten 2016.
- Utvikle samarbeidet med NTNU/HIST som praksisskule, - ta i mot fleire studentar og rekruttere lærarar frå fleire trinn som praksisrettleiarar.
- Få lærarar til starte vidareutdanning i «Veiledningsped.» og andre aktuelle fag hausten 2016.
- Drive aktivt utviklingsarbeid på SUS med nye satsingsområde godt forankra i personalet.

- Halde sjukefråværet godt under 5 %.

Vurdering

- Dei seinare åra har «Rekning i alle fag med praksisnær undervisning» vore satsingsområde ved ungdomsskulen. Klassen som var oppe til eksamen i matematikk våren 2016 hadde markert betre resultat enn åra før. Ein håpar at dette er ein tendens som opprettheld seg i åra som kjem.
- Det vart kjøpt inn nye PC-ar til 8. trinn som var klare til bruk ved skulestart. Dette blir lagt inn i budsjett kvart år. Skulen har nå 1-1 dekking av PC-ar til elevane.
- Utsifting av lærar-PC-ar har også vorte gjennomført etter planen.
- Samarbeidet med NTNU med lærarstudentar held fram. Fleire trinn er nå involverte. Skuleåret 2016/ 17 har ca. 15 studentar frå NTNU vore tilknytt ungdomsskulen i praksis.
- Ungdomsskulen har fleire lærarar ute i vidareutdanning, men ingen for tida i «Veiledningsped».
- Utviklingsområdet «Lesing som grunnleggjande evne i alle fag» har sitt utspring i ein kollektiv prosess, og er godt forankra i personalet.
- Sjukefråværet vart i 2016 på 3,85%.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

Midtigrenda barnehage

IKT-Barnehageløfte:

-Fortsette med IKT-gruppa som er etablert: innkjøp, bruken, skulering.

Barnemiljø og utvikling av sosial kompetanse/kompetanseheving:

-Fortsette å arbeide med sosial kompetanse i alle ledd, og sjå til at personalet får kompetanseheving på område – planer om å starte opp veiledning til personalgruppa vår, ut ifrå prinsippa i ICDP, som

2 av våre barnehagelærarar er under skulering på.

-BUA-tilsette (barne- og ungdomsfagarbeidere) får si kompetanseheving etter ei 4 årsplan i SK, ila. vår/haust 2017.

-Behalde nok barnehagelærarar i barnehagen.

Sjukefråvær:

-Sjukefråværet gjekk ned, spesielt siste halvdel av 2016, og i starten av 2017. Avklaringar er gjort på enkelte arb.takere –dette tek tid. Samtidig ser vi nokre positive ringvirkningar av organiseringa vår, der «trykket» på arb.belastning går noko ned. Nedgong i sjukefråværet er positivt for arb.plassen.

Viktig å behalde ei god grunnbemanning, der vi har betre muligheit til fortetting/fortynning.

Øye og Skei barnehage

- Eit sjukefråvær ned på våre eigne måltal i løpet av perioden.
- Auka ikt-kompetanse i personalgruppa.
- Få spesialpedagogisk kompetanse inn i personalgruppa eller knytt til gruppa.
- Systematisk språktrening med god kvalitet for minoritetspråklege barn i barnehagen.
- Ein leikeplass som gjer alle barn i barnehagen varierte motoriske utfordringar.

Vurdering

Desse langsiktige målsettingane gjeld fortsatt. Dei tre siste punkta gjer budsjettmessige føringar. Akkurat det kan det sjå ut som det vert vanskeleg å få til i økonomiplana i tida framover.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Vidareføre utviklingsområda for 2016.

Vurdering

Vi ar arbeidd med utviklingsområda for 2016. Vi har m.a. gjennom 2016 fått ei betre dekning i datamaskiner for elevane, men har ikkje nådd målet. Vi har ei god utvikling i naturleg bruk av IKT i undervisninga.

Mo oppvekstsenter

- Vidareføre utviklingsområda for 2016.

Vurdering

IKT:

- Lage ferdig ikt plan som står i samsvar med ny rammeplan. Lage nettvettreglar både for barn og tilsette.
- Vi ønskjer å kjøpe inn meir ikt utstyr slik at alle elevar i 5-7 trinn får egen pc på skulen.
- Vi ønskje også å kjøpe inn fleir i-padar i barnehagen.
- Opplæring av personalet i ulike program: O365, e-phorte, visma flyt, kvalitetslosen og ulike læringsappar.

Læringsmiljø

- Fortsett å ha ikkje anonym spørjeundersøking kvart år.
- Skulen vil fortsette med elevsamtalar, klassemøte og allmøte der utvikling av sosiale ferdigheiter står i fokus.
- Fortsette med aktiv arbeid for å auke barn og elevar si sosiale kompetanse. I barnehagen steg for steg og start program

Todalen og Stangvik oppvekstsenter



- Vidareføre utviklingsområda for 2016.

Vurdering

Vi har i løpet av 2016 arbeidd med utviklingsområda innan IKT, Vurdering for læring og læringsmiljøet til elevane. Vi treng fortsatt å auke antal PC'ar til elevane, samt ei smart-board-tavle på eit klasserom.

Øye skule

Vi vil arbeide med:

- Vidareføre arbeidet med VFL
- Lesing i alle fag
- Styrke innsatsen på 1.- 4. tr. gjennom «Tidleg innsat» og «Ny start». Styrke 1. og 2. trinn med ekstra spesped.ressursar
- Vidareføre satsinga på vidareutdanning
- Vidareutvikle det gode elev- og læringsmiljøet
- Arbeide for å betre organisasjons-, møte- og avgjerdsstrukturane – involvering og medskaping

Surnadal ungdomsskule

- Auke fagkompetansen i personalgruppa gjennom etter- og vidareutdanning.
- Eigen PC til alle elevar på SUS og auka bruk av digitale læringsressursar.
- Halde fram med å utvikle det profesjonelle læringsfellesskapet vårt.
- Auke elevmedverknaden i skulevardagen vår, både i lærings- og vurderingsarbeidet..
- Ha fokus på vurdering for læring.
- Styrke arbeidet med MOT på skulen vår.

Vurdering

- Vidareføre utviklingsområda for 2016.
- I tillegg vil vi arbeide vidare med læringsmiljø, gjennom innføring av programmet «Alle har en psykisk helse» og kartleggingsverktøyet «Spekter».

6.3 Utfordringar

Midtigrenda barnehage

-Stor pågang av småbarnplasser gjer at det kan bli for lite bhg.plasser enkelte år. Opptak både haust og vår. Vurdere om vi treng meir fysiske areal for å nå full barnehagedekning i sentrum.



-IKT: oppgradering av utstyr, treng både økonomiske midler og fortsatt kompetanseheving, tek tid/ressurser.

-God nok grunnbemanning, som gjer at vi kan arbeide godt med barn som treng meir oppfølging, dette ser vi gjev positive ringvirkningar for alle barna og for personalgruppa, med mindre press på enkelte avdelingar, tidleg innsats og betre for sjukefråværet i tillegg. Her ligg det ei økonomisk utfordring, med tanke på nedgang i budsjettet.

Øye og Skei barnehage

- Vi har fleispråklege barn som treng tett oppfølging.
- Vi har eit for høgt sjukefråvær.
- IKT – løftet i barnehagane krev kompetanseutvikling og innkjøp av utstyr.
- Vi har for få ressursar til barn med spesielle behov.
- Avdeling Nistua på Skei barnehage er nedslitt og treng oppgradering.

Vurdering

Dette er fortsatt våre utfordringar. Eit stramt budsjett gjer oss lite handlingsrom økonomisk og det vil handle om kva ein får til innanfor vedteken ramme.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Svinging i barne-/elevtal gjer det utfordrande å få og halde på kompetent personale i barnehage og skule.

Vurdering

Hausten 2016 auka elevtalet i skulen, som no er på 36 elevar. Det har vore ein del stillingar som årsvikariat, denne hausten blei det tilsett 140% stilling med godkjent utdanning. Vi har fortsatt noko lærarstillingar som ikkje har godkjent utdanning. Det har og vore utfordrande å tilsette personale i ledige vikarstillingar i barnehagane.

Mo oppvekstsenter

- Auka barnetal i barnehagen gjer at vi må auke bemanninga. For å klare dette må ramma aukast.

Vurdering

- Vi har tilpassa bemanning i forhold til barnetal i barnehagen.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

- Det har dei siste åra vore stort opptak av nye barn ved avdeling Stangvik barnehage. Ramma for oppvekstsenteret må tilpassast denne situasjonen.

Vurdering

Vi har i løpet av året fått auka ramma slik at ho no er betre tilpassa til det barn- og elevtal som går på oppvekstsentera.

Surnadal ungdomsskule

- Å synleggjere tilpassa opplæring, entreprenøriell læring og vurdering for læring betre i årsplanar.
- Å betre eksamensresultata i skriftlege fag, - spesielt matematikk.
- Å auke fagkompetansen i personalet.
- Å ha økonomi til nødvendig oppgradering av IKT utstyr til elevar og lærarar.
- Å ha økonomisk ramme til å kunne oppdatere læreverk/digitale læremidlar, fornye inventar og utstyr og undervisningsmateriell.

Vurdering

- Målet er framleis at ein har eit treårsløp i alle fag, og at tilpassa opplæring og vurdering for læring er synleg i årsplanane.
- Å betre eksamensresultata i skriftlege fag.
- Å auke fagkompetansen i personalet.
- Å ha økonomi til nødvendig oppgradering av IKT utstyr til elevar og lærarar.
- Å ha økonomisk ramme til å kunne oppdatere læreverk/digitale læremidlar, fornye inventar og utstyr og undervisningsmateriell.

Vaksenopplæring og Integrering

Prognosen for 2016 viste at Surnadal kommune kom til å ta imot om lag kr 14,9 mill. i integreringstilskot som frå 01.07.15 vart ført under eige ansvar 500 – 8500 Integreringstilskot. Dette tilskotet er tenkt fordelt mellom NAV med kr 1,2 mill., Øye skule kr 100', Øye og Skei barnehage kr 100', Eigedom kr 100' og Helse og familie kr 100', til saman kr 1,6 mill.

- For å kunne gjennomføre den vedtekne busettinga av flyktningar i 2016, må eininga Vaksenopplæring og integrering få tilført kr 2,6 mill. meir av integreringstilskotet enn i 2015 for 2016, til saman kr 11,8 mill.
- Meirutgiftene for eininga gjeld auka introduksjonsstønad til dei busette flyktningane og oppfølging i bustad og miljøarbeid. Ved vaksenopplæringa blir meirutgiftene delvis dekt av auken i norsktilskotet, men ikkje fullt ut.
- Resten av integreringstilskotet på om lag kr 1,5 mill. er førebels ikkje disponert.

Vurdering

Tal syner at IMD betalte ut kr. 20,1 mill. i tilskot til Surnadal kommune i 2016.

På grunn av avtale med Nordmøre folkehøgskule om å busetting av einslege mindreårige, blei utgiftene nokre høgare enn venta. Skulen fekk refundert eit sentralt avtala beløp for å ta



seg av den daglege omsorga med ungdomane. Det som ikkje kjem fram av tala er at kommunen fekk utbetalt eit særskild tilskott for til å dekke utgiftene busetting av denne gruppa førte med seg.

Rådmannen si vurdering

Det har vore svært stor aktivitet i oppvekstsektoren også i 2016. Både kvalitetsutviklingsarbeid i barnehagane og skulane har vorte lagt merke til utanfor kommunen, og ein har også i år vore invitert til erfaringsdeling både regionalt og nasjonalt.

Kvalitetsutviklingsarbeidet har dei seinare åra vorte spissa gjennom Oppvekstplanen og dei årlege handlingsplanane. Hovudfokuset i det vi gjer rettar seg mot kjerneverksemda i einingane – kvaliteten på dei daglege møte mellom barn og vaksne i barnehagane og skulane. Vi snakkar om Surnadalbarnehagen og Surnadalsskulen, og arbeider med å finne felles utviklingsverktøy og gjere ting i lag basert på forskning om kva som faktisk gir ein betre barnehage eller ein betre skule. Flinke tilsette har også i år arbeidd hardt til beste for barna.

I 2016/17 har oppvekstsektoren i Surnadal vore med i forprosjektet Den gode oppveksteigar 2040 – region Nordmøre. Dette er eit utviklingsarbeid som prøver å møte framtida sine kompetansekrav og behov gjennom partsamarbeid og kollektive arbeidsprosessar.

Gjennom Elevundersøkinga ser vi også at det kontinuerlege arbeidet for best mogleg lærings- og skulemiljø gjev resultat. I 2016 ser ein at ungdomsskulen gjennom fleire handlingsskapande tiltak, som t.d. MOT- arbeidet, ser ut til å vere i ferd med å skape eit enda betre lærings- og skulemiljø ved skulen.

Nokre einingar innanfor oppvekst har utfordringar med minkande barne- og elevtal, medan særleg Stangvik har opplevd ein sterk vekst i barnehagen, som har sett store krav til omstillingsevne og fleksibilitet. Det er litt mindre trykk på barnehagen no, men vi ser at elevtalet aukar i skulen, og med full barnehage, kan det bli knapt med areal på oppvekstsenteret.

Fødselstalet i 2015 og 2016 har først til større press på barnehagane, og veksten i Nedre Surnadal gjer at vi no kanskje må utvide kapasiteten på barnehageplassar. Dette er svært gledeleg!

Hausten 2015 fekk Plan- og byggenemnda for Øye skuleområde framlagd 5 ulike alternativ til skisseprosjekt. Kommunestyret gjorde i mars 2016 vedtak om å utgreie vidare alternativ D1, som er omfattande brukarmedverknad og tilpassingar våren 2017 blir lagt fram til endeleg vedtak.

Vaksenopplæring og integrering har gjort ein svært god jobb med busetting og opplæring, og har pr. no busett 91 personar. Busettinga av 26 personar i 2016 er no fullført. Frå hausten 2016 har ein også prøvd ut busetting av

6.4 Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Midtigrenda barnehage	7 359	7 291	68	6 630
Øye og Skei	11 386	11 166	220	11 003
Bøfjorden og Bæverfjord Oppv.senter	7 086	6 892	194	6 767
Mo oppvekstsenter	7 169	7 053	116	6 640
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	16 799	16 738	61	15 479
Vaksenopplæring og integrering	15 886	15 755	131	10 752
Surnadal ungdomsskule	23 356	23 290	66	23 271
Øye skule	27 784	28 083	-299	28 103

Rådmannen si vurdering

Midtigrenda barnehage

Meirforbruk i forhold til lønn. Sjukefråværet har gått ned, men ikkje før siste halvdel av 2016, noko som gjer at meirforbruket vart mest synleg for våren 2016.

Øye og Skei barnehage

Meirforbruket skuldast i hovudsak auka lønnskostnadar i høve budsjettet. Vi har for høgt sjukefråvær og det er dyrt.



Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Meirforbruk i lønn, samt at noko skuldast uventa refusjonskrav i brukarbetaling. Vi har for mykje korttids sjukefråvær, som blir dyrt i vikarleige.

Mo oppvekstsenter

Meirforbruket: auking i lønnsutgifter i forhold til budsjett, i hovudsak på grunn av auka sjukefråvær.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Meirforbruk på 61'. I løpet av året såg det ut til å blieit mykje større meirforbruk, men det vart gjort ei tilleggsbevilgning for å tilpasse ramma etter kor mange barn og elevar som går på oppvekstsentera. Tala må sjåast i den samanhengen.

Surnadal ungdomsskule

Meirforbruk på kr. 66' tilsvare eit avvik på 0,28%. Dette skuldast i hovudsak ein auke i fagarbeidarressurs hausten 2016.

Øye skule

Mindreforbruket på kr. 299' tilsvare fondsavsetning på 300' for 2017

Vaksenopplæring og Integrering

Meirforbruke skuldast i hovudsak busetting av einslege mindreårige.

7 Pleie og omsorg

7.1 Helse og familie

Aktivitet

Helsestasjon 0-5 år

- Arbeider etter Helsedirektoratet sitt standardiserte helsestasjonsprogram.
- Fødselsførebuande kurs.
- Audiometri

Skulehelseteneste 5-20 år

- Skulehelsetenesta har helsefremmande og førebyggande arbeid som hovudoppgåve. Tiltaka er både gruppe- og individretta.
- Tenesta er regulert gjennom helse- og omsorgstenestelova og forskrift av 3. april 2003 om «kommunens helsefremmande og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten».

Helsestasjon for ungdom (HFU)

- Eit gratis tilbod til unge 13-20 år, der ein kan få rettleiing om prevensjon og seksuell helse, testar for seksuelt overførbare sjukdommar og graviditetstestar.
- Rådgeving ved til dømes ved spiseforstyrrelser, problem heime, eller rusproblem.
- Lege og helsesøster/ jordmor

Jordmorteneste

- Svangerskap- fødsel- og barselomsorg.
- Følgeteneste for gravide.
- Fødselsførebuande kurs.

Miljøretta helsevern/ smittevern

- Tilsyn med ulike bygg, anlegg og tenester etter gjeldande lover og forskrifter for miljøretta helsevern. (Interkommunalt).
- Reisevaksinasjon og influensavaksinerings.
- Smittevernarbeid.

Koordinerande eining

- Koordinering av tenester til brukarar med langvarige og samansette behov.
- Støttekontaktordning.
- Avlastning for funksjonshemma barn og unge.
- Saksbehandling.

Ergoterapi

- Finmotorisk trening
- Hjelpemiddeladministrasjon og tilpassing.
- Ombygging og tilrettelegging av bustader.

Fysioterapi

- Fysioterapi hos fysioterapeut, på helsestasjonen, i heimen, på institusjon eller i skule/barnehage.
- Gruppetrening.
- Fødselsførebuande kurs.

Psykisk helse barn og unge/ vaksne

- Psykiatrisk sjukepleieteneste – vaksne.
- Førebyggingsrådgjevar – barn og unge.

Skjenkekontroll (Interkommunalt)

- Tilsyn med sal- og skjenkestader etter alkohollova.
- Tilsyn med handheving av røykelova ved skjenkestader.
- Opplæring, administrering og tilrettelegging av kunnskapsprøven i alkohollova.

Legeteneste

- Turnuslege/ legevikarar
- Legevakt
- Nødnett og samband
- Fastlegar – tildeling av heimlar

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

- Gjennomføre Ungdata undersøking i ungdomsskulen og i vidaregåande skule.
- Rekruttere psykolog, kommuneoverlege og fastlegar.
- Implementere nytt elektronisk system for individuelle planer.
- Styrke fysioterapitenesta med 50% stilling - starte med rehabilitering i heimen i lag med Heimeteneste og rehabilitering.
- Delta i det overordna arbeidet med å få på plass ei Folkehelseplan i medhald av Folkehelselova.
- Lage system som gir oversikt over helsetilstanden og over faktorar som påverkar helse i medhald av Folkehelselova.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge – tidleg innsats.

Vurdering

Vi har vore utan folkehelsekoordinator i store delar av året. Dette har gått ut over folkehelsearbeidet. Ungdata-undersøking vart ikkje gjort i 2016, men blir gjennomført i mars 2017. Vi har ikkje kommuneoverlege tilsett, noko som har konsekvensar både for folkehelsearbeidet og smittevernarbeidet. Det føreligg ikkje ei plan for folkehelsearbeidet, men det vart laga ei enkel oversikt over helsetilstanden i samband med planprosessen hausten 2016. Styrking av fysioterapeutressurs vart tatt bort i samband med budsjettarbeidet 2016.

Nytt elektronisk system for individuelle planer er tatt i bruk.

Vi har fått rekruttert ein fastlege, men manglar fortsatt ein fastlege, psykolog og kommuneoverlege.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Vidareføre folkehelsearbeidet.
- Gi eit godt helsestasjonstilbodet til busette innvandrarar og nye som kjem.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge – tidleg innsats.
- Evaluere effekt av auka fysioterapiressurs til heimerehabilitering.

Vurdering

Folkehelsekoordinator og frisklivstilbodet er tatt bort i samband med budsjettarbeidet for 2017. Folkehelsearbeid vil derfor ikkje få spesielt prioritering. Partnerskapsavtalen «God helse» med Møre og Romsdal fylkeskommune er sagt opp. Fysioterapeutressurs vart tatt bort i samband med budsjett 2016.

Busette innvandrarar kjem inn i det same helsestasjonsprogrammet som alle andre, men denne gruppa treng lengre konsultasjonstid og oppfølging, noko vi ikkje har kapasitet til å følge opp.

Det tverrfaglege samarbeidet, spesiell mot dei minste barna, vil halde fram også i 2017.

Utfordringar

- Vi har store utfordringar innan helsestasjon og skulehelseteneste. Dette gjeld oppfølging av nyfødde, gjennomføring av helsestasjonsprogrammet for barn mellom 0-5 år samt dei oppgåvene som gjeld for heile skulehelsetenesta både på barne- og ungdomstrinnet.
- Reisevaksining har auka – tida som går med her, går på bekostning av helsetasjons- og skulehelsetenesta.

- Busetting av flyktningar og familiegjengeføring fører til auka press på helsestasjonen. Konsultasjon og oppfølging av familiane er tidkrevjande.
- Kommuneoverlege og fastlege er vanskeleg å rekruttere. Manglande kommuneoverlege går ut over beredskaps- folkehelse- og smittevernarbeidet i kommunen.
- Barselomsorgen – heimebesøk av jordmor blir ikkje gjennomført.
- Har ikkje fått rekruttert psykolog, men førebyggingsrådgjevar er tilsett for eitt år. Dette fungerer godt.
- Ny alkoholforskrift frå 01.01.2016, med krav om 2 skjenkekontrollørar ved kontroll av skjenkestader. Dette er kome på plass og fungerer bra.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Helse og familie	19 378	19 963	-585	21 388

Rådmannen si vurdering

Helse og familie vart gjennom budsjettregulering i fjor tilført ekstra midlar i samband med etablering av eit tilbod til ein brukar. Av ulike årsaker vart oppstart av dette tiltaket utsett, slik at kostnaden i 2016 vart mindre enn forventa.

Helse og familie har ansvar for mange ulike tenester, og mange av dei krev personell med spesiell kompetanse. Det er ei utfordring å rekruttere inn i ledige stillingar, noko som og har betydning for tenestetilbodet. Det har i periodar med anna vore venteliste på fastlege, noko som er ei utfordring vi må finne ei løysing på. Samstundes blir det gjort ein flott innsats i høve dei ressursane som er til rådvelde innan tenesta.

7.2 Sjukeheimen

Aktivitet

Surnadal sjukeheim yter tenester etter « Lov om kommunale helse- og omsorgstenester» m.m. Sjukeheimen har ved utgangen av 2016 desse tenestene:

- Langtidsavdeling 1, 16 plassar
- Langtidsavdeling 2, 16 plassar

- Bu- og avlastingsavdeling, 12 langtidsplassar, 5 korttidsplassar og 1 avlastingsplass
- Obs-post, 2 senger og eit rom for palliativ pleie
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane, heimebuande (levering av mat), skular og barnehagar. I tillegg drift av 2 kantiner.
- Vaskeri

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

Innføre sjekklister i sjukeheimen med lister for innkomst, halvårlig oppfølging, pleie- og omsorg ved livets slutt og utskriving. Vi vil innføre pasientforløp for dei ulike opphalda ved sjukeheimen.

- Dei pasientane som ynskjer skal få ein pasientven
- Redusere sjukefråværet til under 8%
- Færre tilsette per leiar
- Legge til rett for gode læringsarenaer; internt, eksternt og gjennom nettverksarbeid.

Vurdering:

Det har ikkje lukkast å skaffe nok pasientvenar. Ein fortset arbeidet med tettare kontakt med frivillige lag og organisasjonar.

Sjukeheimen har i 2016 hatt ein nedgang i sjukefråværet på 2,6%. Sjølv om vi framleis ikkje har nådd målsetjinga vår, er det gledeleg at det er lågare enn tidlegare år. Det målretta og langtidsretta arbeidet vil halde fram.

Det har vorte færre tilsette på nokre av leiarane. Avviklinga av Stangvik aldersheim er ein av grunnane til dette. Vi treng framleis ein leiar til, for at talet på tilsette per leiar skal kome på eit tilrådd nivå.

Vi har eit høgt fokus på læring og utvikling. Ei 100% stilling som fagutviklar vitjar om dette. Vi kan tilby tilpassa internundervisning etter dei tilsette sine ynskjer og etter kva drifta viser vil vere mest hensiktsmessig. Vi har eit tett samarbeid med den vidaregåande skulen og med høgskulane som tilbyr helsefaglege utdanningar. Fagutviklingssjukepleiar ved sjukeheimen arbeider og tett opp mot Surnadal



ungdomskule. Ein kan som elev på ungdomskulen velje « innsats for andre» som valfag og ha praksis innan faget på sjukeheimen. Fagutviklar er og på skulane for å informere om helsefag-yrka og om sjukeheimen.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Utreie og etablere forsterka skjerma eining for aldersdemente
- Tilpasse talet på institusjonsplassar til behovet
- Bruk av velferdsteknologi på fleire områder

Vurdering:

Ein har lukkast med å få til ei dreining frå institusjonsbasert til heimebasert omsorg. Vi har meldt inn ønske om eit enda tettare samarbeid med dei andre einingane innan helse- og omsorg. Felles fag- og planleggingsdagar er ønskeleg.

Utfordringar

Gje eit heilhetleg omsorgstilbod der kvalitativ god pleie / omsorg og behandling, kultur, måltider, aktivitet og trivsel er sentrale og grunnleggjande element

- Høgt sjukefråvær
- Fagutvikling, omstilling og betre kompetanse
- Større tverrfaglig bredde (sosialpedagogikk, ergoterapi, fysioterapi og sosialt arbeid)
- For mange tilsette pr. leiar for å få tett oppfølging og utvikling av den enkelte
- Noko uønska deltid, og små helgestillingar
- Lite bruk av velferdsteknologi pga. manglande infrastruktur som trådløst nettverk
- For høg andel utan helsefagleg utdanning
- Bygningsmessige utfordringar med stor slitasje og behov for oppussing av bad og kjøkkeninnreiing på avdelingskjøkken
- Ikkje økonomiske midlar til utskifting av maskiner og inventar (kontorutstyr, pasientmøblar, datautstyr)
- Tilpassing av tildelt ramme avhengig av sak kring Stangvik aldersheim



Hausten 2016 vart ny døgnrytmeplan innført på sjukeheimen. Dette medførte med anna flytting av middagsmåltidet frå 12.30 til 15.30. Vidare hadde vi struktur rundt brukar og aktivering som fokusområde. Flytting av måltida har vore vellukka i følge tilbakemeldingane. Det er meir ro rundt måltida, og pasientane ser ut for å ha betre søvn om nettene. Flytting av måltid vart gjort med bakgrunn i at ein ønska meir tid til aktiveringstilbod midt på dagen. Her ser ein at ein har meir å gå på da det enno er for personavhengig i kor stor grad slik aktivering finn stad.

Vi har eit ønske om ein oversjukepleiar per avdeling. For å oppnå dette treng vi å auke leiarressursane våre med ei 100% stilling.

Vi har ikkje kome i mål med utbetringa av manglande infrastruktur som er med og gjer at vi har låg bruk av velferdsteknologi.

2016 gav rom for ein del naudsynte innkjøp og investering i utstyr. Vaskeriet fekk ny vaskemaskin og tørketrommel. Det vart kjøpt inn ny oppvaskmaskin på eit av postkjøkkena. Vi investerte i nye pasientsenger og pasientløfter/ståheis, dusjstolar i tillegg til opprusting av datautstyr. Vi kjøpte ny kopimaskin som sikrar sikker utskrift. Vi må halde fram med liknande investeringar slik at ein unngår store etterslep.

Vi har lukkast med uønskt deltid. Vi har oppnådd at alle faglærte som ønsker og har helse til det, får tilbod om minimum 80% stilling. Vi ønsker å kunne tilby elevar og studentar fast stilling på helg. Dette ville vore eit godt rekrutteringstiltak. Vi har god samhandling med utdanningsinstitusjonane, men ser ei negativ utvikling i tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

I samarbeid med dei heimebaserte tenestene har vi tilpassa drifta etter reduksjon av institusjonsplassar. Vi ser fram til å fortsette det tette samarbeidet, ikkje minst når det gjeld nytt Helsehus. Dette er eit arbeid som vi håpar prioriterast i nær framtid. Bygningsmassen ved sjukeheimen treng mykje utbetring. Resultatet etter vernerunde syner noko av dette. Det er og behov for å gradere opp og vedlikehalde uteområda ved sjukeheimen.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Sjukaheimen	49 510	51 919	2 409	54 626

Rådmannen si vurdering

Det er gledeleg å sjå at Sjukeheimen i 2016 har hatt ein nedgang i sjukefråværet på 2,6 prosentpoeng. Rådmannen vil tru at det gode resultatet med anna kan tilskrивast godt arbeid både med førebygging og oppfølging av sjukemeldte. Det er jobba godt og målretta med uønskt deltid, og ein ser at tala går rett veg.

I samarbeid med dei heimebaserte tenestene har leiinga og dei tilsette ved Surnadal sjukeheim på ein svært god måte tilpassa drifta etter reduksjon av talet institusjonsplassar. Mange kompetente og dyktige medarbeidarar fortener ros for den måten dei har handtert denne overgangen på.

7.3 Bu- og aktivitetstenesta

Aktivitet

Tenestene innanfor Bu- og aktivitetstenesta er heimla etter «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m»

Eininga har desse tenestene:

- Bårdshaugen fellesbustad med 11 brukarar
 - Sommerro fellesbustad med 6 brukarar
 - Leitet fellesbustad med 8 brukarar
 - Nistutrøa med 2 brukarar
 - Røssmovegen 34 med 2 brukarar
 - Røssmovegen 28 med 3 brukarar + avlasting for 3 brukarar
 - Sommrrotunet Aktivitetshus med dagtilbod til 14 faste på dagtid + 3 psykisk helse.
- Totalt 30-40 brukarar med aktiviteter på dag, kveld og helg.

«Bu- og aktivitetstenesta gir tenestetilbod til mennesker med utviklingshemming og andre med særskilte behov. Dette omfattar m.a praktisk bistand og opplæring i bustad med heildøgn omsorgstenester. Vidare gir ein tilbod om avlastingstiltak for personar og familiar som har særleg tyngande omsorgsarbeid»

Målet er : å legge til rette for at den enkelte får oppleve meistring og ha eit meningsfullt arbeid og / eller aktivitet. Alle må få mulegheit til å utnytte eigne ressursar og ha eit godt og verdig liv.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

- Utarbeide eit felles verdidokument for eininga
- Arbeide vidare med mål, visjonar og verdiar
- Arbeidsmiljø
- Utflytting i frå Avlastinga på Øye, og inn i den nye bustaden på Røssmovegen 28. Oppretting av nye stillingar som manglar i forhold til at dette vil bli eit heildøgns omsorgstilbod.
- Opprette 90% stilling for brukar som ikkje lenger kan nyttegjere seg tilbod om avlasting.
- Utprøving av alternativ turnus, som f.eks langturnus i ein bustad.
- Bygging av garasje/ grovverkstad ved Sommerrotunet Aktivitetshus
- (investeringsbudsjett). Dette for å kunne gje dagtilbod til fleire brukarar, som treng litt andre utfordringar og aktiviteter.

Vurdering

- Hausten 2016 har vi arbeid med å lage eit felles verdidokument for Bu- og aktivitetstenesta.
- Alle forslag til både visjon, verdiar og logo har kome frå personalet sjølv og resultatet vart:



- Arbeidsmiljø

Målet er å ha eit arbeidsmiljø som legg til rette for tverrfagleg samarbeid og fagutvikling. Ha eit godt og trygt psykososialt arbeidsmiljø som legg vekt på samhandling i endringsarbeid.

Et av tiltaka har vore å arbeide med mål, visjon og verdiar, som ein tenkjer kan vera samlande. Vi har og arbeid med fagutvikling, som å danne fagfora. Utprøving med langturnus, med intensjon om betre arbeidsmiljø. Dette lukkast vi ikkje heilt med i første omgang, men vi vil ha ei ny utprøving til hausten, med ein litt anna turnus.

Det har vore gjennomført ei eiga arbeidsmiljøundersøking blant dei tilsette i administrasjonen. Innflytting i nytt dagsenter har gjeve rom for nye måtar å samarbeide på, og det har vore nødvendig å ha ekstra fokus på arbeidsmiljøet i ein innkjøringsfase.

I samband med endring med færre i brukargruppa og krav om reduksjon av stillingar i budsjettet, så har dette skapt litt uro i personalgruppa. Vi prøver å få til ein god prosess i arbeidet, saman med personalet, tillitsvalde og administrasjonen.

I følge sjukefråværsstatistikken for 2016, ligg Bu- og aktivitetstenesta på eit sjukefråvær på 9,13%. Dette ligg om lag på det same som i fjor. Vi har fleire, spesielt det første halve året, som har vore ute i langtidssjukefråvær med omfattande behandlingsforløp. Korttidsfråværet er framleis for høgt.

- Den nye bustaden Røssmovegen 28 sto klar til ferien, noko forsinka og vart ikkje flytta inn i før 8.august. Både brukarar og personale har brukt hausten til å bu seg inn i den nye bustaden.
- I 2016 har det vore arbeid med turnus og vi har hatt 2 turnuskurs med firmaet Thrana HR AS, noko som har ført til at alle involverte partar har ein meir felles forståing for turnus.
Hausten 2016 hadde vi og ei utprøving av langturnus på helg i ein bustad. I evalueringa kom det fram frå personalet at turnusen var litt for tøft lagt opp og det den ble valt å avslutte rett før jul, etter ei evaluering. Nokre av personalet i bustaden vurderer likevel langturnus, men da i ein anna form. Det blir og arbeid med langturnus i ein av dei andre bustadane med oppstart til hausten 2017.
- Bygginga av garasje/grovverkstad ved Sommerrotunet Aktivitetshus, vart utsatt til 2017 då det vart vanskeleg å få gjennomført dette praktisk på hausten.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Kompetanseutvikling og kvalitetsutvikling, med div. tiltak som f.eks vidareutdanning, fagfora, internundervisning.
- Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan gje trivsel og mindre sjukefråver.
- Utprøving av alternativ turnuser, med mål om fleire heiltidstilsette, mindre bruke av deltidstilsette og betre tilbod til brukarane.
- Arbeide med å utvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nytte kompetansen i nattenestene på tvers av einingane i helse- og omsorg. Gjennom implementering av teknologiske hjelpemiddel, ønskjer ein å oppnå: kvalitetsutvikling/ betre oppgåve-/ rollefordeling, aktiv brukarmedverknad og betre ressursbruk.
- Utbygging av fellesareal ved ein av bustadane, der gevinsten vil vere innsparing med ca. 1 årsverk (Investeringsbudsjett). Innsparingane gjeld vesentleg på helg og kan og vere med å redusere deltidstilsette, som er eit mål for kommunen (Saman om prosjektet).
- Bygging av grovverkstad/garasje på Sommerrotunet aktivitetshus, med tilbod til fleire brukarar. Investeringsbudsjett.
- Det blir arbeid med å redusere drifta med fleire årsverk.

Vurdering

Vi har starta opp med fagfora for dei med 3 årig helse- og sosialfagleg utdanning og hatt nokre samlingar hausten 2016. Det er no inndelt i grupper med tema, som m. a. arbeidsmiljø, miljøarbeid, system/kvalitetssystem, Lovverk, som kap 9 Tvang og makt (helse- og omsorgstenestelova, kap 4 (helsehjelp), pårørande arbeid osv.

- Målet er heving av kompetanse og kvalitetsutvikling på dei forskjellige fagområda og med ansvar for vidareformidling av kunnskap.
- Vi vil arbeide med forskjellige arbeidsmiljøtiltak, som m.a. kan innebere klarare rollefordeling, styrke fagkompetanse, forskjellige trivsels/sosiale tiltak for personale, oppfølging av medarbeidarundersøkinga med tiltak (gjennomgang mai - 17).
- Utprøving av ny alternativ langturnus frå hausten – 2017, med både helg og kvardag. Turnusforslag med 12,5t er no klar for godkjenning av lokale tillitsvalde og med oppstart i 14.august (under føresetnad av godkjenning)
- Samarbeid om nattevakttenestene på tvers av einingane er ikkje kome skikkeleg i gang, da ein er litt avhengig av midlar til velferdsteknologi og ein prosjektmedarbeidar som kan vere pådrivar i eit slikt prosjekt. Tryggheits pakkar (alarmer) er og ein del av dette og vil kome på plass i 2017.
- Bygging av fellesareal ved Sommerro fellesbustad og Nistutrøa og garasje/grovverkstad er i investeringsbudsjett for 2017 og er underplanlegging av Eigedomsavdeling.

- Det blir arbeid med reduksjon av drifta etter vedtak i kommunestyret, med ca. 1.5 mill. Sjølv om vi ikkje har klart å redusere frå 1.01.2017, er vi i gang med konkrete tiltak for reduksjon.

Utfordringar

- For vidare reduksjon av drifta er vi avhengig av å kunne finne stillingar i eigen eller andre einingar for omplassering og i tillegg må vi tilpasse reint praktisk i forhold turnusperiodar. Dette er ei utfordring, men vi håpar å kome i mål. Vi prøver og å få til ein god prosess i dette arbeidet.
- I 2016 brukte vi ein 20% stilling i avd. for psykisk helse ved Sommerrotunet aktivitetshus, men denne vart tatt bort av kommunestyret i handsaminga av budsjett. Dette er ei utfordring og det vart ein stor konsekvens for nokre av brukarane som nytta seg av tilbodet, men og for andre brukarar som har behov for eit slikt tilbod, spesielt som førebyggjande tiltak og for å unngå re- innlegging i psykiatrien.
- Utfordringane vi har hatt med bygging av fellesareal både på Nistutrøa, Sommerro fellesbustad og grovverkstad/ garasje på Sommerrotunet aktivitetshus, ser ut til å løyse seg med bygging i 2017 (dette er med i investeringsbudsjett for 2017)
- Det viste seg å bli ein nedgang i inntekt frå staten i 2016. Dette skyldast både at innslagspunktet har vorte auka og fråtrekk for rammetilskotets del for kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år blir auka. I tillegg var det ein brukar med 1:1 bemanning mindre i 2016.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Bu – og aktivitetstenesta	45 977	39 202	3 404	45 266
Budsjettregulering 2- 2016		42 002		
Budsjettregulering 3- 2016		42 573		

Rådmannen si vurdering



Bu og aktivitetstenesta har i løpet av 2016 fått hjelp av Thrana HR AS til ein gjennomgang av turnus og bemanningsplaner. Dei har i rapporten sin konkludert med at dagens bemanningsplaner og turnus ikkje inneheld «overflødig» bemanning ut i frå det tilbodet og vedtaka brukarane har i dag. Ved overgang til langturnus er det litt å hente på redusert bemanning, men dei store innsparingane utgjer det ikkje. Thrana HR AS har fokus på at det må vere eit samspel mellom vedtak og kva som «passer inn» i drifta (turnusplanane). Her kan det vere mykje å hente på sikt. Kompetanseheving og endring av praksis i samband med nye vedtak må ha fokus framover.

Det viste seg å bli ein større nedgang i inntekt frå staten i 2016 enn forventa. Dette skyldast både at innslagspunktet har vorte auka og fråtrekk for rammetilskotets del for kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år blir auka. I tillegg var det ein brukar med 1:1 bemanning mindre i 2016.

Det vil vere behov for ein ny gjennomgang av Bu og aktivitetstenesta i 2017 for å finne rett ramme for 2018, der det og må vere større forkus på inntektssida.

7.4 Heimeteneste og rehabilitering

Aktivitet

Heimeteneste og rehabilitering har om lag 265 mottakarar av heimesjukepleie/heimehjelp(praktisk bistand), 5 mottakarar av omsorgsløn, 100 som har tryggleiksalarm og ingen som for tida har brukarstyrt personleg assistent, BPA. Eininga har 65 tilsette, 54 årsverk.

Handlingsprogram

Status og utfordringar

Utviklinga går mot at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærast mogleg heimen. Det er også eit overordna nasjonalt helsemål at folk skal få bu heime så lenge dei ønskjer det, trass sviktande helse. I Surnadal kommune har heimetenestene vore langt framme i dette arbeidet gjennom metoden HPH (Helhetlig Pasientforløp i Hjemmet).

Artikkelen nedanfor er saksa frå Driva, og er eit positivt oppslag om eitt av fleire prosjekt vi er involvert i som følgje av arbeidet med HPH. I dette prosjektet, SUSTAIN – som er eit europeisk forskingsprosjekt, skal vi arbeide med betre brukarmedverknad.



Enhetsleder Margrethe Swinvik for heimetjenesten i Surnadal får ros av Elvira Ambugo, Kathrine Vaage og Terje P. Hagen fra UIC FOTO: GEIR FORBREGD

- Er fremst i Europa

Surnadal kommune er best på heimebasert omsorg i Europa.

NYHETER Geir Forbregd

Mobil: 48015724

Publisert: 04.02.2016 15:03

Sist oppdatert: 04.02.2016 15:03

Surnadal kommune er best på å innrette den heimebaserte omsorgen slik at eldre blir boende lengst mulig heime før de eventuelt må på institusjon.



Dette vil vi oppnå i 2016

- Etablere ein felles kultur i eininga Heimeteneste og rehabilitering med framtidsretta og gode tenester der rett kompetanse blir nytta på rett stad i pasientforløpet.
- Kvardagsrehabilitering skal vere eit satsingsområde og innførast som eit fast tilbod.
- Analoge tryggleiksalarmar skal bytast til digitale tryggleikspakker.
- Tilsette ved rehabiliteringsavdelinga og heimhjelpa skal få arbeidslister og journaltilgang via smarttelefonar.
- Vi vil betre pasientforløpet kring alvorleg sjuke og døande gjennom prosjektet «Samhandling på siste vakt».
- Synleggjere for innbyggjarane at vi har tilsett kreftsjukepleiar som er kreftkoordinator for alle innbyggjarar, sjølv om dei ikkje mottek andre tenester frå kommunen.
- Avklaring av roller og ansvar når det gjeld tilbodet innanfor psykisk helse.



Den årlege onnadagen. Eit godt eksempel på samhandling, kultur og meistring.

Vurdering

- Etter ei evaluering av administrativ struktur i kommunen, vart Heimetenesta, rehabiliteringsavdelinga og dagsenter for eldre ei ny eining frå 1. juli 2015; Heimeteneste og rehabilitering. Sidan da har vi arbeidd med struktur, kultur og kvalitet. I oktober 2016 gjorde kommunestyret vedtak om nedlegging av dei 5 institusjonsplassane ved rehabiliteringssavdelinga frå 1.1.17. Målet med dette var å omfordele ressursar til meir heimebasert rehabilitering og ei styrking av tilbodet ved dagsenteret. Endringa var også i tråd med målet om rett kompetanse på rett plass i pasientforløpet, samtidig med at rehabiliteringspasienten kan få bu i eigen heim og at eit styrka dagtilbod kan utsette behov for institusjonsplass.
- Kvardagsrehabilitering vart ikkje etablert som eit fast tilbod i 2016, men vil bli etablert i 2017.
- Digitale alarmer vil bli innført i sommarhalvåret 2017
- Alle tilsette har no journaltilgang via smarttelefonar
- Prosjektet «Samhandling på siste vakt» har fått signal om vidare støtte frå helsedirektoratet inn i 2017
- Kreftkoordinator har ei viktig rolle i arbeidet med tilrettelegging av tilbodet for kreftpasientar. Kreftsaka har stort nasjonalt fokus og vi må arbeide vidare med lokal synleggjering.
- Det har vore arbeidd med Brukarplan og Plan for psykisk helse i Surnadal kommune. Dette arbeidet er ikkje slutført.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Arbeide for å få oppretta eit demensteam.
- Førebyggjande heimebesøk skal vere etablert som eit fast tilbod.
- Tilby oppfølging av pasientar med diabetes i samarbeid med Surnadal legesenter.
- Tilby blodoverføring i samarbeid med Surnadal legesenter

Vurdering

- Heimeteneste og rehabilitering har ei demensgruppe bestående av geriatrisk sjukepleiar og spesialhjelpepleiar. Demensgruppa blir styrka med ergoterapeut i 2017. Nasjonale føringar legg no opp til den type organisering som vi har i Surnadal kommune, og dei går difor bort i frå team-organisering.
- I samband med «Boligsosial plan» i Surnadal kommune, såg ein førebyggjande heimebesøk som eit naturleg samarbeid mellom heimetenestene og feiartenestene. Dette skal utgreiast i 2017.
- Eit utvida samarbeid med legesenteret er ønskeleg, men vi har ikkje fått til dette i 2016, mykje grunna omorganiseringar i eiga teneste, samt tidvis underkapasitet i fastlegetenesta.

Utfordringar

Saksa frå økonomiplana i for 2016: *«Heimeteneste og rehabilitering vart ei ny eining frå 1.juli 2015. Dette gir moglegheiter til ein fleksibel bruk av kompetanse og eit styrka fagmiljø i eininga. Utfordringane ligg i at rehabiliteringsavdelinga er institusjonsbasert mens resten av eininga er heimebasert. I tillegg er avdelingane fysisk avskore frå kvarande med små mulegheiter for felles møteplassar. Dette krev fornying og utvikling av arbeidsmetodar i begge leirar. Vi ønskjer å etablere ein kultur som er kjenneteikna av kunnskap, læring og samhandling.»*

Det er vedteke store endringar i 2016 ved å legge ned rehabiliteringsavdelinga. Vi har gjort om på leiarstrukturen og redusert talet på leiarar. Vi har redusert talet på årsverk og vi har tilsett fysioterapeut i heimesjukepleia, ei nyoppretta stilling med oppstart januar 2017. Vi har absolutt fornya og utvikla arbeidsmetodar, og er spente på korleis resultatet blir, noko som vi får sjå i 2017.



Lokaletilhøva våre er ikkje dimensjonert for ein så stor arbeidsstokk. Vi har ikkje rom for å samle alle tilsette, og som bildet viser, må tilsette finne plass på gulv eller langs veggjar på daglege rapportar, avdelingsmøte og ved vaktskifte. Dette har vore ein årleg gjengangar i HMS-rapportar, og er eit problem som har forsterka seg etter omorganiseringane siste åra.



Eininga har arbeidd med å få gjennomført ei oppgradering av inventar ved dagsenteret og betring av lokale for medikamenthandtering. Vi sette av midlar til dette i 2016-budjettet, men fekk ikkje gjennomført nødvendige oppgraderingar grunna manglande planleggingskapasitet. Det er usikkert om vi har ressursar til desse oppgraderingane i 2017.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Heimeteneste og rehabilitering	32 594	32 832	-238	30 630

Rådmannen si vurdering

Eininga Heimeteneste og rehabilitering har over fleire år markert seg gjennom arbeidet med utvikling av gode pasientforløp, der fokuset har vore å etablere framtidsretta og gode tenester der rett kompetanse blir nytta på rett stad i pasientforløpet. Rådmannen synest det er artig å sjå at dette arbeidet blir lagt merke til i andre fagmiljø, både i Noreg men og internasjonalt.



I samarbeid med Surnadal sjukeheim har leiinga og dei tilsette ved Heimeteneste og Rehabilitering på ein svært god måte tilpassa drifta etter reduksjon av talet institusjonsplassar. Mange kompetente og dyktige medarbeidarar fortener ros for den måten dei har handtert denne overgangen på.

7.5 NAV

Mål

- Bidrag til at feire kjem i arbeid og aktivitet og at færre vert avhengig av økonomisk sosialhjelp over lengre tid – redusere arbeidsledigheta til under 1.5 %
- Redusere andel sosialhjelpsmottakere ift til innbyggjarar i alderen 20-66 år til under 2 %.
- Sikre kvalitativ god oppfølging av flyktningar\innvandrara..

Tiltak

- Alle kandidatar i målgruppa til kvalifiseringsprogrammet skal få tilbod om deltaking.
- Samordne tenester for personar med samansette behov, gi dei ein fast kontaktperson ved NAV
- Tilby aktuelle brukarar individuell plan.
- Tilby økonomisk rådgiving\gjeldsrådgiving\økonomistyringsavtalar til dei som treng og ynskjer det.
- Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga
- Stryke ferdigheitene i rettleiing og samhandling med brukarane.

Vurdering

Brukarar har fast kontaktperson ut frå fødselsdato, uavhengig av behovet for tenester og det skilles ikkje mellom kommunale eller statlige arbeidsoppgåver –alle er ansatt på NAV uavhengig av om de er statlig eller kommunalt ansatt. Det har gjennom heile året vært fokus på gode brukarmøtar og god veiledning med mål om arbeid og aktivitet. Alle som var i målgruppa for kvalifiseringsprogrammet fekk tilbod om programmet. Dei som har vært kartlagt å ha behov for gjeldsrådgiving, økonomisk råd og veiledning og økonomistyringsavtalar har fått dette. Alle som har søkt om individuell plan har fått dette i samarbeid med aktuelle etatar.

Utfordringar

Stillinga som gjeldsrådgiver er ei bekymring da vi ser at det er auka behov for denne tenesta. Det er fortsatt eit samarbeid mellom Rindal, Halså og Surnadal kommuner der 60% av ei 100% stilling blir dekt av Surnadal. Vi fikk midlar til å fortsette også i 2016.

Det er fortsatt behov for eit tett samarbeid med dei som tildeler bolig for å finne gode løysingar. Tilsetting av ein boligforvalter er eit positivt bidrag i dette arbeidet.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
NAV	5 503	5 546	-43	4 697

Rådmannen si vurdering

NAV Surnadal har hatt stort fokus på gode brukarmøte og god veiledning med mål om arbeid og aktivitet. Låg arbeidsløyse kombinert med tett oppfølging frå dei tilsette ved NAV, har etter rådmannen si vurdering bidrege til at NAV Surnadal tross stramme rammer har komme ut med eit positivt resultat.

7.6 Barnevern

Aktivitet

Surnadal er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta i Halså, Rindal og Surnadal. Totalt omfattar tenesta 10,6 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 merkantil, 1,5 heimekonsulentar og 7,4 fagstillingar.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

- Styrke tidlig innsats, redusere plasseringar utanfor heimen
- Kartlegge behovet for etablering av nye tiltak
- Øke kompetansen innafor analyse og kartleggingsarbeidet
- Styrke det tverretatlege samarbeidet i de tre kommunane
- Informasjonsarbeid til helsepersonell om barnevernet sine oppgåver

- Rekruttere fosterheim/beredskapsheim

Vurdering

Kontinuerlig arbeid med tidlig innsats, blant anna gjennom flerfagleg blikk og tverrfagleg team. Mengd plasseringar utanfor heimen går nedover. Det er gjennomført kurs og opplæring for å auka kompetansen innanfor analyse og kartleggingsarbeidde. Tverretatleg samarbeid i alle kommunane blant anna via deltaking i tverrfagleg team. Det vert arbeidd med å rekruttera fosterheim/beredskapsheim, men det viser seg at dette er eit utfordrande arbeid.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Evaluere vaktordninga med Trondheim kommune

Vurdering

Blir gjennomført i løpet av perioden.

Utfordringar

Utfordringane som vert omtalt i budsjettet 2016-2019 har ikkje endra seg stort i løpet av 2016

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Ik barnevern	8 959	9 261	- 302	8 963

Rådmannen si vurdering

IK Barnevern har hatt nokre tøffe saker i løpet av 2016 som har kravd tett oppfølging. Skifte av einingsleiar, noko sjukefråvær og vakansar, har ført til eit stort arbeidspress i periodar. Rådmannen synest det er positivt at IK Barnevern har greidd å oppretthalde fokuset på tidlig innsats og samarbeid med andre instansar, samt kompetanseheving.

Avviket vert skulda sjukemeldingar og sjukepengerefusjonar, og noko mindre forbruk på tiltak.

8 Teknisk

8.1 Kommunalteknikk

Aktivitet

Vassverk

Vedlikehald og drift av:

- 14 kommunale vassverk, kor 9 av desse er godkjenningsspliktige
- 252.800 meter med vassleidningar
- 16 stasjonar for trykkauke

Avløp

Vedlikehald og drift av:

- Eitt mekanisk reinseanlegg (silanlegg) på Syltøran
- 160.500 meter med avløpsleidningar
- 15 store kommunale slamavskiljarar
- 25 avløpsspumpestasjonar

Slam

Privat entreprenør tek seg av tømming av:

- 1253 private slamavskiljarar for heilårsbustader
- 323 private slamavskiljarar for fritidshus/hytter

Kommunale vegar og parkar

Vedlikehald og drift av:

- 94 km med kommunal veg, av dette 56 km med fast dekke
- 15 km med gang- og sykkelvegar/fortau
- parkanlegg på Skei samt miljøgata
- 842 lyspunkt/gatelys

Renovasjon

Frå 01.07.2010 har Hamos Forvaltning IKS teke seg av all organisering av renovasjon for:

- alle heilårsbustader i kommunen
- 1413 ab. med hytte/fritidshus
- 7 returpunkt for glas/metallemballasje
- 1 miljøstasjon (Syltøran)

Hamna

- Industrikaia i Røtet (drifta av Kristiansund og Nordmøre Hamn IKS, Surnadal - kommunen har dagleg tilsyn og assisterer ved behov).

Brann- og Feiarvesen

- Brannvesenet har tre brannkorps med til saman 32 brannmenn.



- Brannvernet organiserer også feiing, førebyggjande tiltak og tilsyn.
- Samarbeid med Rindal om bl.a. felles brannsjef.

Forutan vedlikehald og drift er eininga ansvarleg for ei rekkje investeringsprosjekt innan dei same tenestene, samt utbygging av nye bustadfelt.

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

- Utbygging av nytt bustad/hytte -felt på Nordvik , kor kommunen er delaktig.
- Tilrettelegging for nytt bustadfelt ved Buhagen (utbygging i privat regi).
- Opplæring på samt ta i bruk ny førsteinnsats bil (Bil 1) for brannvesenet.
- Avklare ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.

Vurdering

- Arbeidet med utbygging av nytt bustad/hytte-felt på Norvik er starta. Konsulent for å utarbeide tekniske planar/anbudsdokument vart engasjert i 2016.
- Reguleringsplan og utbygging av nytt (privat) bustadfelt ved Buhagen vart som kjent ikkje godkjent. Ny gangveg frå Buhagen til Øye skuleområde vart derimot bygd ferdig.
- Ny førsteinnsats bil (Bil 1/M 1.1) vart motteke rett før jul 2016, men ikkje sett inn operativt før no i 2017.
- Avklaring m.h.t vassforsyning Kvanne/Stangvik er enno ikkje gjort.

Dette vil vi oppnå i 2017-2020

- Utbygging av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.
- Fortsette utskifting av asbest-sementrør.
- Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innanfor ansvarsområda 420 og 430.

Vurdering

- Å foreta ei endeleg avgjer når det gjeld vassforsyning til Kvanne og Stangvik har dessverre teke lang tid. Ein er enno ikkje heilt klar med val av løysing, tross av at vi har teke med store summar i budsjettet og i berekningsgrunnlaget for dei kommunale vassavgiftene.
- Utskifting av asbestsementrør og/eller evt. andre svake rørstrekingar er eit årleg tiltak som er med i budsjettet.

- Kommunalteknikk har i perioden mange investeringsprosjekt. Sett i forhold til bemanninga ved eininga, både til planlegging og utføring, må ein seinare vurdere mengda av tiltak.

Utfordringar

Utfordringane som er nemnt i budsjettet er stort sett dei same som tidlegare:

- Mange investeringsprosjekt og liten eigen planleggingskapasitet.
- Mange vassverk er modne for rehabilitering. Dette har ikkje endra seg stort i 2016.
- Som tidlegare kommunisert i mange samanhengar er vegvedlikehaldet ei **STOR** utfordring, med stadig fleire vegar samstundes som driftsbudsjettet blir mindre.
- Innanfor eige driftsbudsjett finn ein ikkje rom for opplæring av deltidsmannskap i brannvesenet. Dette gjeld i første rekkje gjennomføring av grunnkurs.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Kommunalteknikk	10 277	11 328	1 051	14 293
Kommunalteknikk VAR	-2 010	-2 496	-486	-3 156

Rådmannen si vurdering

Som vanleg er vart det «sett av» halvannan million kroner til vintervedlikehald før nyttår, men ein mild og snøfattig førjulsvinter førte til at berre ein halv million vart bruka. Eininga kom derfor ut med eit mindreforbruk. Snøfattige periodar med bare vegar fører til at vegdekket blir meir slitt enn om vagbanen var snødekt. Dette vil på sikt skape aukande behov for sommarvedlikehald. Det er allereie for lite pengar til vedlikehald som grøfterens, kantslått og grusing. Reint økonomisk ville det lønt seg å ha eit jamt vedlikehald i staden for å vente til at ein «må» gjere noko for å helde vegen nokolunde kjørbær.

8.2 Areal- og naturforvaltning

Aktivitet

Eininga har i 2016 hatt eit spanande år med. Det er relativt stor aktivitet i byggebransjen og i landbruket. Dette har ført til mykje saksbehandling i eininga.

Handlingsprogram

Dette ville vi oppnå i 2016

- Oppfølging av kommuneplanen sin arealdel
 - o Utvikle nye kommunale bustadfelt som til dømes Høgberget.
 - o Starte opp reguleringsplanarbeid for utvalgte gang- og sykkelveggar i tråd med trafikksikringsplana.
 - o Fullføre reguleringsplan for Surnadal sentrum.
- Lage ein plan for utvikling av regulert friområde i Svartvassområdet.
- Rullering av trafikksikringsplanen.
- Rullering av klima- og energiplanen.
- Fullføre adresseringsprosjektet.
- Sluttbehandling av interkommunal plan for sjøområda.
- Vurdere å delta i prosjekt "Utvikling av skogbruksveiledning i skogbruket".

Vurdering

Kommuneplanen vil bli vedteke i løpet av våren 2017. Arbeidet har teke mykje tid og ressursar. Påfølgande detaljplaner har vore satt på vent. Det er laga eit skisseprosjekt for Svartvassområdet som vil bli fulgt opp i 2017. Trafikksikringsplanen vart ikkje oppstarta i 2016, men sak om oppstart skal vere skreve i løpet av mars 2017. Revidering av klima- og energiplanen er i gang og vil bli slutført i 2017. Adresseringsprosjektet er ikkje heilt i mål, men det blir teke sikte på å bli ferdig i løpet av 2017. Interkommunal plan for sjøområda har vore på høyring og offentleg ettersyn og er forventa vedtatt i 2017. Kommunen deltek i prosjektet «utvikling av skogbruksveiledning i skogbruket».

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Følge opp trafikksikringsplanen med reguleringsplanar og andre tiltak.
- Utvikle ein attraktiv tettstad i tråd med reguleringsplan for Surnadal sentrum.

Vurdering

Eininga har fleire store og spanande oppgåver for 2017. Fleire av desse vil involvere andre einingar som kommunalteknikk i stor grad. Dette gjeld spesielt reguleringsplanarbeid, trafikksikringsplana og utvikling av Svartvassområdet. Budsjettet for 2017 har teke inn dei postane som krev investeringar. Det er ansatt ny konsulent landbruk som startar 1. mars 2017.

Utfordringar

Få ledige attraktive bustadtomter har ført til noko mindre byggeaktivitet i 2016. Gebyrinntekter er knytt til plan- og byggeaktiviteten i kommunen og det kom inn mindre

gebyrinntekter i 2016 enn i tidlegare år. Eininga har liten kapasitet for utarbeiding og oppfølging av kommunale arealplanar, behandling av private reguleringsplanar og dispensasjonar. Eininga er generelt sårbar i forhold til å behalde og rekruttere kompetanse.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Areal- og naturforvaltning	6 428	6 036	393	6 545

Rådmannen si vurdering

Overforbruket skuldast auka lønskostnader på om lag kr. 300 000 og ein reduksjon i gebyrinntekter som gjeld byggesakshandsaming på kr. 100 000. Det er byggeaktiviteten som bestemmer kor store gebyrinntektene blir gjennom eit år. Bustadfelt på Nordvik og kommuneplanen sin arealdel er to større planleggingsprosjekt som det har vore arbeid med.

8.3 Eigedom

Aktivitet

Eigedom sitt ansvarsområde er i hovudsak drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, men avdelinga er og tillagt andre oppgåver, og her er nokre faktatal:

- ca. 50.000 kvm golvareal
- 39 stk utleigebustader
- 15 stk bustader for personar med spesielle behov
- 44 stk omsorgs/pensjonærbustader
- p.t. 25 stk flyktningebustader
- drift av symjehall og idrettshall

Handlingsprogram

Dette vil vi oppnå i 2016

- Skolering av reinhaldarar for å imøtekomme krav til smittevern.
- Gjennomføre energisparekontraktane, og med det vil vi spare energi samstundes som driftspersonellet vert skolerte til betre styring av tekniske anlegg.



- Fokus på å redusera sjukefråværet med målretta tiltak.
- Redusera uønska deltid.

Vurdering

- Krav til smittevern er tema ved alle samlingar, har ikkje vore noko skolering.
- Energisparekontaktane kom ikkje i mål i 2016, men er på plass til ferien 2017.
- Reduksjon av sjukefråværet er eit prioritert område og det blei redusert i 2016.
- Fleire tilsette fekk auka si stilling til ønskt storleik i løpet av året.

Dette vil vi oppnå i 2017-2019

- Vidare skolering av driftspersonell saman med energientreprenøren for å optimalisere nytta av tekniske anlegg.
- Få på plass elektronisk FDV-system som og ivaretar lovpålagt dokumentering.
- Motivera arbeidstakarar til å ta fagbrev.

Vurdering

Dette er tiltak som ikkje påverkar budsjettet, men tiltak vi må prioritera i perioden. Å få på plass eit elektronisk FDV-system er ressurskrevjande, men vi vil ha stor nytte av det når det er på plass. Skolering av driftpersonellet er ein del av pakka i EPC-prosjektet.

I tillegg til dette er det og ein del investeringsprosjekt som skal utførast i perioden.

Utfordringar

- Ressursar til vedlikehald av kommunale bygg.
- Bustader og ressursar i bustadarbeidet med flyktningar.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2015
Eigedom	20 700	19 494	1 206	31 462

Rådmannen si vurdering

Vi endte med eit overforbruk i forhold til budsjett på 1,2 mill, og det skuldast i hovudsak tre område:

- 2016 var første år med drift ved Sommerrotunet, og drifta der kom på 585'.
- Teneste «Utleigebustader-flyktningar» hadde ein svikt på 287' i forhold til budsjett. Det skuldast etablering av nye bustader, samt at ein del bustader har vore dårlegare utnytta grunna flytting etc.
- Energikostnadane var noko større enn budsjettert, ca. 500'.

KOSTRA-tala viser at vi har ein stor kommunal bygningsmasse og at vi samanlikna med andre bruker lite på å drifte desse bygga. Eininga skulle gjerne bruka meir på vedlikehald, da vi over tid får eit etterslep. Det er godt håp om å få redusert energikostnadene når energisparekontraktane (EPC) er ferdig.

9 Investeringar

Nr	Prosjekt	Rekneskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016
Ansvar: 100 RÅDMANN				
117	IKT – Orkidé	237 404	237 000	237 000
161	IKT LØP Surnadal	326 453	225 000	400 000
	Sum ansvar: 100 Rådmann	563 857	462 000	637 000
Ansvar : 130 KULTUR				
124	Digitalisering kino	-101 972	0	0
	Sum ansvar: 130 Kultur	-101 972	0	0
Ansvar: 420 KOMMUNALTEKNIKK				
000	BYGGEFELT-PANLEGGING/ ERVERV	0	350 000	2 000 000
100	BILKJØP	4 334 629	4 453 000	2 700 000
237	UTEOMR./PARKERING STANGVIK OS	0	0	1 200 000
409	OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	1 565 697	1 500 000	1 500 000
434	ØYGARDSLIA BYGGEFELT	687 143	700 000	500 000
437	SVARTVATNET FRI OMR / GANGVEG	616 108	0	1 900 000
447	SKLITING - VEGADRESSERING	88 585	0	500 000
487	GANGVEG/LYS, ØVRE MODALSVEGEN	947 243	950 000	950 000
491	HAMNEOMRÅDE/ UTVIDELSE KAI	166 357	0	0
492	GATELYS LED	134 618	150 000	150 000
493	VEG TIL RORO-RAMPEN	771 694	250 000	0
494	NORDVIK BYGGEFELT	110 287	100 000	0
	Sum ansvar: 420	9 422 361	8 453 000	11 400 000
Ansvar : 430 KOMMUNALTEKNIKK – VAR				
000	GPS	129 389	125 000	125 000
451	FAUSKÅA VASSVERK	437 885	300 000	800 000
458	MO SKOLE - VASSVERK	70 888	0	0

463	BØFJORDEN VASSVERK	298 567	250 000	250 000
464	BELE VASSVERK BEHANDL.ANLEGG	968 274	1 000 000	0
469	SILANLEGG KLOAKK	251 084	250 000	0
480	PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT	0	0	250 000
	Sum ansvar: 430	2 156 087	1 925 000	1 425 000
Ansvar:	460 EIGEDOM			
000	DOKUMENTAVGIFT BANKBYGGET	438 025	438 000	0
000	KJØP AV BUSTADER	1 730 729	1 743 000	
152	ENØK - ENERGISPAREKONTRAKT	2 266 122	2 250 000	2 500 000
243	NYE ØYE SKULE/FORPROSJEKT	422 422	310 000	2 000 000
315	SOMMEROTUNET	907 227	935 000	0
322	HELSEHUS	0	0	500 000
323	FELLESAREAL NISTUTRØA	0		750 000
326	4 MANNSBUSTAD FOR BRUKARAR	5 371 113	5 535 000	3 500 000
328	STANGVIK OMSORGSBUSTADER	29 725	0	0
329	PLATTING/ UTEOMRÅDE SJUKEHEIMEN	27 828	250 000	0
446	LAGER ØYE STADION	810 520	555 000	0
	Sum ansvar: 460 EIGEDOM	12 003 710	12 016 000	9 250 000
Ansvar:	530 KYRKJELEG FELLESRÅD			
490	BÅREHUS ØYE	2 000 000	2 000 000	2 500 000
	Sum ansvar: 530 KYRKJELEG	2 000 000	2 000 000	2 500 000
	Sum investeringar	26 044 044	24 856 000	25 212 000